


# Miljøteknologiske krav for akvakultur

*Høvet til å pålegge oppdrettsaktører å ta i bruk  
ny miljøvenleg teknologi for å sikre miljømessig  
forsvarleg akvakultur*

Kandidatnummer: 153

Antall ord: 14 485



JUS399 Masteroppgave  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

31.5.2015

*«Vi må akseptere at oppdrettsnæringen til en viss grad påvirker miljøet rundt seg. All matproduksjon setter fotavtrykk i naturen. Spørsmålet er hva som er forsvarlig ut fra miljømessig bærekraft, og hvordan vi kommer oss dit. Og la det være klart: Skal lakseproduksjonen flerdobles kan vi ikke fortsette i samme spor som nå.»<sup>1</sup>*

Fiskeriminister Elisabeth Aspaker

---

<sup>1</sup> Aspaker (2015), *Grønnere vekst for laksen*, nrk.no.

## Innholdsliste

1	Innleiing .....	4
1.1	Problemstilling, aktualitet og tema .....	4
1.2	Metodisk tilnærming og struktur .....	6
1.3	Sentrale tolkingsprinsipp .....	7
1.3.1	Grunnlova § 112.....	7
1.3.2	Legalitetsprinsippet .....	8
2	Kan forvaltinga pålegge miljøteknologiske krav gjennom einskildvedtak? .....	11
2.1	Miljønorma .....	11
2.1.1	Presentasjon.....	11
2.1.2	Kva er «miljømessig forsvarlig»? .....	12
2.1.3	Føremålssynspunkt .....	14
2.1.4	Sanksjonsmidlar .....	17
2.1.5	Domstoloverprøving .....	17
2.1.6	Kva er «forebyggende tiltak»? .....	19
2.1.7	Prinsippet om best tilgjengelege teknikkar .....	21
2.1.8	Naturmangfaldlova som tolkingsbidrag .....	22
2.1.9	Oppsummering .....	24
2.2	Eksisterande utstyrskrav .....	25
2.2.1	Oversyn .....	25
2.2.2	Akvakulturlova § 12.....	26
2.2.3	NYTEK og NS 9415: 2009 .....	27
2.2.4	Nærare om problemstillinga og vegen vidare .....	28
2.3	Høvet mellom miljønorma og eksisterande utstyrskrav .....	29
2.3.1	Samhøvet mellom miljønorma og anna regelverk .....	29
2.3.2	Samhøvet mellom miljønorma og eksisterande konsesjonsvilkår .....	31
3	Kor langt kan forvaltinga gå i å pålegge miljøteknologiske krav i einskildvedtak? .....	33
3.1	Perspektiv .....	33
3.2	Parameter for grensedraginga .....	34
3.2.1	Risikoens art og grad.....	34
3.2.2	Årsakssamanheng .....	36
3.2.3	Effekt og kostnad .....	37

3.2.4	Tidsaspektet.....	39
3.2.5	Proporsjonalitet .....	40
4	Burde forvaltinga pålegge teknologikrav gjennom einskildvedtak?.....	42
4.1	Oversyn.....	42
4.2	Innvendingar.....	42
4.2.1	Vilkårleg forskjellshandsaming.....	42
4.2.2	Sterk urimelegheit .....	43
4.2.3	Manglande fagleg kompetanse.....	45
4.2.4	Manglande demokratisk legitimitet.....	45
4.3	Akvakulturlova § 10 som heimel likevel?.....	46
	Litteraturliste .....	47

# 1 Innleiing

## 1.1 Problemstilling, aktualitet og tema

Miljøteknologiske nyvinningar kan redusere risikoen for miljøskade ved akvakultur. Denne avhandlinga tek føre seg spørsmålet om – og i kva grad - forvaltinga kan pålegge oppdrettsaktørar å ta i bruk nyare og meir miljøvenleg teknologi, utover dei teknologi- og utstyrskrav som følgjer av forskrift og eventuelle oppstartsvilkår i konsesjon.

Ifølgje Lov om akvakultur (akvakulturlova, heretter akvkul.) § 10 fyrste og andre ledd, kan forvaltinga gjennom einskildvedtak gjere inngrep overfor oppdrettarar ved å «stille krav til forebyggende tiltak» for å sikre «miljømessig forsvarlig» akvakultur. Føresegna er soleis etter sin ordlyd velegna for å pålegge oppdrettsaktørane å ta i bruk ny miljøteknologi for å hindre miljøskade. Føresegna har likevel aldri vore brukt til å pålegge oppdrettsaktørar å ta i bruk ny miljøvenleg teknologi.<sup>2</sup> Denne avhandlinga tek sikte på å undersøkje om føresegna *kan* brukast til dette, og i så tilfelle *kor langt* forvaltinga kan gå.

Det er ikkje heilt uproblematisk å bruke føresegna til å pålegge miljøteknologiske krav. Eit motargument mot å bruke heimelen til å pålegge miljøteknologiske krav, er at utstyrskrava allereie er regulert gjennom Forskrift om krav til teknisk standard for flytende akvakulturanlegg (NYTEK-forskrifta) med tilhøyrande NS 9415: 2009, samstundes som ein ofte stiller opp teknologikrav som oppstartsvilkår for akvakulturløyve. NYTEK-forskrifta og standarden er gjeve med heimel i akvkul. § 12 andre og tredje ledd, der det heiter at «innretningar og utstyr» skal vere «forsvarlig utformet» og ha «forsvarlige egenskaper». Problemstillinga er om akvkul. § 10 heimlar miljøteknologiske krav *utover* dette.

Under lovgjevingsarbeidet til akvakulturlova vart det spådd i førearbeida at:

«Perspektiver på potensialet i marin sektor gjør at man også i årene fremover forventer høy endringstakt i næringen. ... [H]ensynet til miljøvennlig produksjon, avveining av arealinteresser i kystsonen, markedsadgang samt mattrygghet, helse- og fiskevelferdsspørsmål [vil] være temaer som en i enda større grad forventes å måtte ta hensyn til.»<sup>3</sup>

---

<sup>2</sup> Resultat av innsynskrav til Fiskeridirektoratet 26. januar 2015.

<sup>3</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 10.

Dei siste åra har den norske oppdrettsnæringa opplevd ein enorm vekst.<sup>4</sup> Auka etterspurnad har ført til produksjonsvekst og mange fleire konsesjonstildelingar. Vidare har den globale interessa for laks og regnbogeaure gjort at Noreg i aukande grad deltek og dominerer på den internasjonale marknaden.<sup>5</sup> I 2014 eksporterte norsk fiskerinæring sjømat for 70 milliardar norske kroner, der akvakultur utgjorde to tredjedelar. Dette gjer fiskeri- og havbruk til Noregs nest største eksportnæring etter ei dalande oljenæring.

Samstundes opplev næringa ei auka offentleg og politisk merksemd rundt miljøutfordringane ved produksjonen. Som for flest andre produksjonsverksemdar, vil oppdrett av akvatiske organismar sette spor i naturen. Fiskerømmingar med påfølgjande risiko for biologisk ureining av villfiskstammar, lakselusgenerering, risiko for sjukdomsspreiing, samt utslepp av kloakk, næringssaltar og kopparimpregnering, er kjende miljøutfordringar ved næringa.<sup>6</sup>

I etterkant av stormen «Nina» i januar 2015, opplevde Hordaland fleire rømmingar med minst 145 000 rømte laks- og regnbogeaure.<sup>7</sup> Berre i januar 2015, har det skjedd rømming frå ni oppdrettsanlegg i Hordaland, sjølv om ein hadde ein nullvisjon for rømming i 2015.<sup>8</sup> Slike hendingar har over åra medført eit sterkare fokus frå samfunnet på å gjere næringa meir miljøvenleg.

Det er ikkje berre miljøvernarar og sportsfiskarar som viser interesse i å løyse utfordringane. For oppdrettaren vil rømming medføre tap av salsvarer og mange månadar med tid og arbeid, medan høge lusetal og sjukdom kan representere eit økonomisk tap gjennom fiskedaud eller tvangsslaktingsvedtak. Det er vidare inga tvil om at medikamentell avlusing utgjer ein stor utgiftspost for mange lokalitetar.

Som eit resultat av utfordringane, kjem det stadig fleire miljøtekniske nyvinningar tilgjengeleg på marknaden. Det er utvikla nye lukka sjøbaserte merdsystem,<sup>9</sup> lakseluslaserar,<sup>10</sup> termiske avlusingsteknikkar,<sup>11</sup> landbaserte anleggskonstruksjonar,<sup>12</sup> med meir. Noko verkar,

---

<sup>4</sup> Sjå figur 1, *Akvakultur, 2013, endelige tall*, ssb.no.

<sup>5</sup> Aspaker (2015), *Fremtidens sjømatnæring*, regjeringen.no.

<sup>6</sup> Miljødirektoratet (2012), *Fiskeoppdrett*, miljostatus.no

<sup>7</sup> Fiskeridirektoratet (2015), *145 000 fisk har rømt i Hordaland*, fiskeridir.no og Kvamme (2015), *Fortviler over rømt fisk*, bt.no.

<sup>8</sup> iLaks-redaksjonen (2015), *Aspaker på krisemøte i Bergen*, ilaks.no.

<sup>9</sup> Aadland (2014), *Resultatene frå denne merden overrasker selv gründeren*, sysla.no og Berge (2015), *Satser på ny oppdrettsank*, ilaks.no.

<sup>10</sup> Myrset (2015), *Vil selge luselasere for 100 millioner neste år*, sysla.no.

<sup>11</sup> Aadland (2014), *Lunkent vann dreper lakselus*, sysla.no

<sup>12</sup> Lågbu (2015), *Fredrikstad kan bli en pioner i ny fiskerinæring*, f-b.no.

medan noko framleis er i eksperimenteringsfasa. Nokon brukar pengar og ressursar på å ta i bruk ny teknologi, andre let vere. Avhandlinga vil undersøkje om meir miljøvenleg, kostnadseffektiv og tilgjengeleg teknologi vil ha innverknad på høvet til å pålegge oppdrettsnæringa å nytte seg av nemnte teknologi. Siktemålet er ikkje å ta eit rettspolitisk standpunkt for verken næringsinteressa eller miljøinteressa. I dei fleste tilfelle vil desse vere samanfallande. Målet er å søkje å pensle ut dei rettslege grensene for kor langt forvaltinga kan gå i å pålegge miljøteknologiske krav for næringa, ut i frå det gjeldande rettskjeldebiletet, utan å gå vegen via ny lovgjeving.

## 1.2 Metodisk tilnærming og struktur

Oppdrettsnæringa er ei konsesjonsbasert og gjennomregulert næring, der mange viktige samfunnsverdiar og omsyn gjer seg gjeldande. Difor finst det ei rekke ulike lover og forskrifter som regulerer ulike aspekt ved næringa. Det miljørettslege aspektet kjem direkte eller indirekte til syne i fleire av dei.<sup>13</sup> I denne avhandlinga er det ikkje naudsynt å handsame alle desse, då ein langt på veg finn svaret i akvakulturlova.

Problemstillinga i avhandlinga er formulert som eit spørsmål om kor langt forvaltinga kan gå i å pålegge bruk av miljøteknologi i einskildvedtak. Målet med avhandlinga er difor ikkje å kome fram til eit konkret svar på kva krav som kan setjast. Det skal heller søkjast å avklare relevante vurderingsmoment for spørsmålet om kor langt forvaltinga kan gå, for å så setje dei inn i eit system. Slik kan rettsbrukaren lettare vite kva som er relevante vurderingsmoment i konkrete sakstilfelle.

For å danne eit fundament og bakteppe for hovuddrøftinga, skal det fyrst gjerast greie for visse grunnleggjande tolkingsprinsipp som er viktige å ha med seg i drøftinga av grensene for forvaltinga sin inngrepsfridom. Desse er prinsippet i Kongeriket Noregs Grunnlov (Grunnlova, heretter GrL.) § 112 og legalitetsprinsippet som tolkingsprinsipp.

I del 2 startar hovuddelen av oppgåva. Her skal det nærare innhaldet i akvkul. § 10 analyserast i lys av ordlyd, føremål, førearbeid og tilgrensande lovgjeving. Etter dette skal samanhengen mellom kravet til «miljømessig forsvarlig» akvakultur etter akvkul. § 10 og kravet til at innretningar og utstyr skal vere «forsvarlig» etter akvkul. § 12 og NYTEK-forskrifta med NS

---

<sup>13</sup> Mellom anna forureiningslova, matlova, lakselusforskrifta, etableringsforskrifta, laksetildelingsforskrifta, forskrift om nasjonale laksefjordar, omsetjings- og sjukdomsforskrifta, med fleire.

9415: 2009, undersøkjast. Her skal det vurderast om akvkul. § 10 rekk lenger enn § 12 og NYTEK-forskrifta, kva gjeld krav til teknologisk utstyr. Vidare skal det undersøkjast om det er mogleg å pålegge bruk av ny teknologi utover dei krav som vart stilt til ein oppdrettar i konsesjonsvedtak, dersom ein tek omsyn til behovet for førehandsvisse i næringa.

I del 3 skal det takast utgangspunkt i tolkingsresultatet frå del 2, samt gåast nærare inn på dei vurderingsmomenta som gjer seg gjeldande ved spørsmålet om kor langt forvaltinga kan gå etter akvkul. § 10. I gjennomgangen av vurderingsmomenta, skal det illustrerast ulike grensetilfelle for kva tilfelle heimelen lovleg kan tenkjast brukt, og kva tilfelle den ikkje strekk til. Til sist skal det i del 4 peikast på nokre utfordringar ved å ta i bruk føresegna til å oppstille miljøteknologiske krav, før det avslutningsvis skal takast stilling til bruken av heimelen de lege ferenda.

Før ein tek til å angripe problemstillinga i avhandlinga, vil det vere tenleg å starte med å presentere dei rettslege prinsippa som er relevante for tolkinga av rettskjeldene. I denne samanheng er det særleg to rettslege prinsipp som gjer seg gjeldande. Desse har ei materiell side, men vil for denne avhandlinga berre vere relevant i eigenskap av å vere styrande prinsipp for tolkinga av rettskjeldene.

## **1.3 Sentrale tolkingsprinsipp**

### **1.3.1 Grunnlova § 112**

Grl. § 112 etablerer ein rett for notida- og framtida sine borgarar til eit bærekraftig, sunt og mangfaldig miljø. I tillegg pålegg føresegna staten ei handleplikt til å ivareta og sikre miljøinteresser. Føresegna har rettsleg betyding på fleire måtar. I juridisk teori er det drøfta i kva grad føresegna gjev heimel for å pålegge ulike materielle og prosessuelle rettar.<sup>14</sup> Meir relevant i vår samanheng, er det korleis føresegna har betyding som tolkingsprinsipp.

Som Hans Christian Bugge framhevar med tilvising til Rt. 1993 s. 528 (Lunner Pukkverk) er det heva over all tvil at føresegna vil kunne ha vekt som eit moment ved tolkinga av andre grunnlovsføresegner og anna ordinær lovgjeving. Han skriv at:

---

<sup>14</sup> Bugge (1999) s. 57 med vidare tilvisingar. Sjå òg Fauchald (2007) s. 1-83.



«Slik § 110 b første ledd [i dag § 112] er formulert, vil den kunne spille en rolle når tolkningen av en bestemmelse har betydning for hvor godt den varetar hensynet til menneskers helse, til vern av naturens produksjonsevne og mangfold, og til behovet for en allsidig og langsiktig disponering av naturressursene av hensyn til fremtidige generasjoner. ... Grl. § 110 b underbygger og forsterker de miljømål- og hensyn loven skal vareta, samtidig som den bidrar til en vid forståelse av lovens formål.»<sup>15</sup>

Her skriv Bugge hovudsakeleg om relasjonen mellom Grunnlova og Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova, heretter forurl.). Det er likevel inga tvil om at tolkingsprinsippet gjer seg gjeldande for alle føresegner som direkte eller indirekte har til føremål å verne om miljøinteressa.<sup>16</sup> Føresegna har jamvel betydning på tvers av forvaltingssektorar og tilseier at dersom det er tvil om innhaldet av ei føresegn, vil prinsippet trekke i retning av den tolkinga som i størst mogleg grad oppfyller og tek vare på miljørettar- og omsyn.<sup>17</sup>

Etter dette er det klart at Grl. § 112 gjev uttrykk for eit miljørettsleg tolkingsprinsipp som tilseier at miljøomsynet burde søkjast prioritert i størst mogleg grad ved tolkingstvil. Dette prinsippet vil vere viktig å ha med seg inn i tolkinga av akvakulturlova i del 2.

### 1.3.2 Legalitetsprinsippet

Det ulovfesta legalitetsprinsippet krev at forvaltinga si heteronome myndigheitsutøving har grunnlag i ein kvalifisert materiell kompetanseregel.<sup>18</sup> Når forvaltinga handlar eksternt overfor borgarane, vil grensene for kva forvaltinga kan gjere, kome an på det materielle rettsgrunnlaget som ligg til grunn for organet. I Rt. 1995 s. 530 (Fjordlaks) uttala fyrstvoterande at:

«Jeg antar, med bakgrunn i teori og rettspraksis, at kravet til lovhjemmel må nyanseres blant annet ut fra hvilket område en befinner seg på, arten av inngrepet, hvordan det rammer og hvor tyngende det er overfor den som rammes.»

Votumet illustrerer korleis legalitetsprinsippet fungerer som eit relativt materielt heimelskrav. Dess meir inngripande handling frå forvaltinga, dess sterkare materiell heimel vert krevd.

---

<sup>15</sup> Bugge (1999) s. 57.

<sup>16</sup> Bugge (2009) s. 82.

<sup>17</sup> Same stad.

<sup>18</sup> Bernt/Rasmussen (2003) s. 74.

Men legalitetsprinsippet fungerer òg som eit tolkingsprinsipp, der graden av dei inngripande konsekvensane kan føre til at heimelen vert tolka utvidande eller innskrenkande. Dess meir inngripande eit vedtak er, dess meir motstand ytar legalitetsprinsippet mot utvidande tolking av inngrepsheimelen.<sup>19</sup> Som Sigrid Eskeland Schütz seier det, kan legalitetsprinsippet beskrivast som todelt, då det har ei materiell side ved at inngrep krev lovheimel, samstundes som det verkar som eit lovtolkingsprinsipp i tolkinga av kor klår heimelen må vere.<sup>20</sup>

Grunnlovsvernet av miljøet gjer at legalitetsprinsippet får ei særleg stilling ved inngrep som skal sikre miljøverdier.<sup>21</sup> Dette samsvarar med fråsegna i Rt. 1995 s. 530 om at kravet til lovheimel må nyanserast ut i frå kva område ein er på. For å verne om miljøomsynet i havbruksnæringa, vil det vere mest praktisk å pålegge rettssubjekta økonomiske byrdar, eller krevje at dei skal utøve eit tiltak eller stanse ein aktivitet. Eit pålegg etter akvkul. § 10 om å ta i bruk ny miljøteknologi, vil vere eit slikt inngrep. Ein er likevel langt i frå legalitetsprinsippet sitt kjerneområde, slik ein elles ville vere ved straff eller integritets- og autonomiinngrep.

Inge Lorange Backer tek med utgangspunkt i Grunnlova og Rt. 1993 s. 528 (Lunner-Pukkverk) til orde for at det ikkje gjeld noko strengt legalitetsprinsipp på området for miljøretten.<sup>22</sup> Torstein Eckhoff og Eivind Smith synast å vere usamd i at ein kan ha eit svakare heimelskrav for miljøføresegner på generelt grunnlag.<sup>23</sup> I staden må det «tas hensyn til hva slags «miljøverdier» som skal vernes, og til tyngden av de motstående interesser». Årsaka til dette er at det vil kunne «være bedre å skaffe klar hjemmel gjennom lovendring enn å «presse» hjemmelsgrunnlaget».<sup>24</sup>

Miljøet utgjer ein tredjepart utan eigen partsevne, noko som skapar eit behov for auka prioritet for at vernet av miljøinteressa skal vere effektivt. Staten har ei konstitusjonell forplikting til å sikre eit effektivt miljøvern etter Grl. § 112. Ved tolking av miljøføresegner, er Eckhoff/Smith samd i at føremålet må ha stor vekt, slik at ein søker å unngå ei innskrenkande tolking av forvaltinga sin inngrepskompetanse.<sup>25</sup> Langt på veg verkar det som at Eckhoff/Smith og Backer er einige. Begge meiner at ein må nyansere heimelskravet konkret, og begge understreker korleis ein må prioritere føremålet bak miljøføresegner for å

---

<sup>19</sup> Eckhoff (1997) s. 125.

<sup>20</sup> Sjø Schütz i Søvig (red.) (2015) s. 191.

<sup>21</sup> Sjø punkt 1.3.1.

<sup>22</sup> Backer (2002) s. 127 med vidare tilvisingar.

<sup>23</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 391.

<sup>24</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 391.

<sup>25</sup> Same.

sikre det konstitusjonelle vernet av miljøinteresser. Det vil nok vere meir konstitusjonelt riktig å legge ein generell presumsjon om eit svakt heimelskrav til grunn slik Backer synast å meine, framfor å søke klår heimel gjennom lovendring, slik Eckhoff/Smith synast å ta til orde for. Det vert difor lagt til grunn at det som utgangspunkt ikkje gjeld eit strengt heimelskrav på området for miljøretten, men at vurderinga må gjerast konkret, slik at presumsjonen meir vert ei rettesnor for vurderinga. Denne løysinga synast òg å vere lagt til grunn i rettspraksis.<sup>26</sup>

Til no har ein fått oversikt over dei mest sentrale tolkingsprinsippa som aktualiserer seg for problemstillinga i avhandlinga. I fortsetjinga skal rettskjeldene som regulerer teknologikrava for akvakultur analyserast nærare. Det fyrste, og mest sentrale heimelsgrunnlaget, er akvkul. § 10.

---

<sup>26</sup> Sjø Rt. 1993 s. 528, der den generelle relevansen av prinsippet i Grl. § 110, bokstav b vart understreka.

## 2 Kan forvaltinga pålegge miljøteknologiske krav gjennom einskildvedtak?

### 2.1 Miljønorma

#### 2.1.1 Presentasjon

Det følgjer av akvkul. § 10, med tittelen «Miljønorm» at:

«Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte.

Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift gi nærmere bestemmelser for å sikre miljømessig forsvarlig akvakultur, herunder stille krav til forebyggende tiltak, krav om merking av akvatiske organismer, bruk av akvatiske organismer som ikke kan formere seg og bruk av fremmede organismer.»

Ved fyrste augekast kan ein sjå at føresegna består av ein rettsleg standard i fyrste ledd, og ein inngreps- eller reaksjonsregel i andre ledd. Dersom ein driv akvakultur, er verksemda pålagt å vere «miljømessig forsvarlig» i alle ledd, det vil sei på det førebuande, utøvande og avsluttande stadiet.<sup>27</sup> Pliktsubjektet er den som driv produksjon av akvatiske organismar, jf. akvkul. § 2 om lova sitt saklege bruksområde.

Etter andre ledd kan forvaltinga gripe inn i form av einskildvedtak og stille krav om «forebyggende tiltak», dersom pliktsubjektet skulle vise seg å drive i strid med det «miljømessig forsvarlig[e]» etter fyrste ledd. Den personelle kompetansen for å handheve akvkul. § 10 ligg hjå Fiskeridirektoratet sentralt, etter delegering frå Nærings- og fiskeridepartementet.<sup>28</sup>

Problemstillinga for avhandlinga ligg nettopp i å klargjere kor langt Fiskeridirektoratet kan gå i å stille krav om ny miljøteknologi for å sikre miljømessig forsvarleg akvakultur. Då påleggstilgangen etter andre ledd føresett brot på kravet til «miljømessig forsvarlig» akvakultur i fyrste ledd, vert det fyrste spørsmålet kva som er meint med «miljømessig forsvarlig» akvakultur etter akvkul. § 10 fyrste ledd. I det følgjande skal det nærare innhaldet av vilkåret søkjast klarlagt, samstundes som det skal synleggjerast kva konsekvensar eit

---

<sup>27</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>28</sup> Sjå *Myndighetsoversikt etter akvakulturloven og forskrifter hjemlet i denne*, under «regelverk» på fiskeridir.no

eventuelt brot på vilkåret vil kunne medføre. Det skal òg takast stilling til grensene for domstolane sin kompetanse til å overprøve vilkåret.

### 2.1.2 Kva er «miljømessig forsvarlig»?

Ei naturleg språkleg forståing av «miljømessig forsvarlig» er at ein berre kan drive akvakultur innafor naturen si tolegrense.<sup>29</sup> Ordlyden viser at det er tale om ein terskel for kva som er forsvarleg eller uforsvarleg ut i frå miljøomsynet. Førearbeida omtalar vilkåret som ein rettsleg standard.<sup>30</sup> Som Nygaard formulerer det, vil ein rettsleg standard vere ein målestokk eller eit mønster for sosialt korrekt framferd. Spørsmålet om kva som strid med ein rettsleg standard vil vere avhengig av samfunnssynet på tida for den aktuelle handlinga.<sup>31</sup> Nygaard hevdar at:

«Tankegangen er at lovteksten på ein måte er eit «hylster» som må fyllast med eit stoff som lova sjølv ikkje har. Lova fungerer her som rettsleg heimel, og skikken gir det nærmare innhaldet i rettsregelen. Lova autoriserer god skikk, og gjer skikken til rettsregel.»<sup>32</sup>

I denne relasjonen vert det noko upresist å omtale vilkåret som peikepinn på kva som er riktig «skikk». Det er likevel klårt at bidraget frå ordlyden isolert gjev lite for det nærare innhaldet i lova, slik at ein må gå vidare til andre rettskjelder for å finne «stoffet» i kva som er «miljømessig forsvarlig» etter akvkul. § 10. I førearbeida er det angjeve eit vurderingstema som er med på å definere terskelen for det forsvarlege, nemleg at akvakultur skal drivast slik at «produksjonen ikkje på noe tidspunkt fører til vesentlige negative effekter på miljøet».<sup>33</sup> Hovudspørsmålet for vurderinga etter § 10 er difor om akvakulturverksemda har hatt, har, eller vil ha vesentlege negative effektar på miljøet. Føresegna seier likevel lite om kva deler av akvakulturproduksjonen som ikkje må ha vesentleg negativ effekt på miljøet utover det forsvarlege.

I førearbeida er det presisert at *alle* sider av drifta skal vere miljømessig forsvarleg.<sup>34</sup> Med dette er det meint at *all* aktivitet i produksjonen er omfatta, slik som daglege gjeremål, rutinar, og interne system. Føresegna omfattar krav til tekniske innretningar og krav til at oppgåver

---

<sup>29</sup> Om tolegrensebetrakningar på miljørettens område og beskriving av «prinsippet om samlet belastning» i naturmangfaldlova § 10, sjå Bugge (2009) s. 38, pkt. 2.7.

<sup>30</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>31</sup> Nygaard (2004) s. 190.

<sup>32</sup> Same stad.

<sup>33</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>34</sup> Same stad.

skal utførast og kontrollerast av kompetente fagpersonar etter bestemte prosedyrar.<sup>35</sup> Når alle sider ved oppdrettsproduksjon skal vere miljømessig forsvarleg til ei kvar tid, kunne ein hevde at det at det stadig ligg ein latent risiko for rømming, høge lusetal, sjukdom med meir gjer at oppdrett i seg sjølv er på grensa til det uforsvarlege ut i frå miljøomsynet. Dette vert likevel ikkje riktig slutning.

Førearbeida presisarar at akvakultur etter sin art alltid vil ha innverknad på miljøet. Ved å gi akvakulturløyve, vil staten akseptere ein viss påverknad på det omkringliggjande miljøet.<sup>36</sup> Visse negative verknader av oppdrett av fisk er soleis akseptert og lovleg ureining av miljøet, på lik line som ved anna matproduksjon. Dette må ein ha i bakhovudet når ein skal fastsetje terskelen for kva som er miljømessig forsvarleg. Det held ikkje at akvakultur har miljømessig negative effektar – effekten må vere vesentleg. Som tidlegare nemnt, vil grensa likevel gå ved det «forsvarlig[e]» jf. § 10. Når det gjeld framgangsmåten for å skilje det forsvarlege frå det uforsvarlege, og kva vurderingsmoment ein her skal vektleggje, heiter det i førearbeida at:

«Kravet til forsvarlighet setter grensen for akseptert påvirkning ved skadelige konsekvenser. Sannsynligheten for at skade kan oppstå og størrelsen på eventuell skade må vurderes. Skader i forhold til sentrale miljømål vil for eksempel ikke tillates. Hva som anses som forsvarlig vil kunne endres over tid i takt med økende kunnskap og teknologisk utvikling. Vurderingen vil bero på et bredt faglig skjønn som omfatter blant annet kunnskap om arten og det lokale økosystem. Vurderingen skal også omfatte en avveining mellom hensynet til næringsutvikling og andre samfunnshensyn.»<sup>37</sup>

Som ein ser, gjev førearbeida visse retningsliner for rettsbruken av føresegna. Med desse retningslinene kan vurderingstemaet i føresegna formulerast noko meir nyansert, nemleg som eit spørsmål om det føreligg tilstrekkeleg risiko for vesentleg negativ miljøeffekt ved akvakulturverksemda. Det må i følgje førearbeida gjerast ei fagleg vurdering av sannsynet for miljøskade ut i frå skaden sin art og grad. Her er det relevant om det er tale om sentrale miljømål. Kvar grensa for lovleg risiko skal gå, vil kunne endre seg i tråd med tida og den teknologiske utviklinga.

Som ein gjerne forstår, vil avsnittet i førearbeida som er sitert ovanfor ha stor betydning for kva vurderingsmoment som er relevante for å trekke grensene for kor langt forvaltinga kan gå.

---

<sup>35</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>36</sup> Same stad.

<sup>37</sup> Same stad.

Dette skal det likevel ikkje gåast nærare inn på før del 3. Til no held det å halde fast på vurderingstemaet, samt førearbeida sine retningsliner for rettsbrukaren sitt skjøn, og det at den rettslege standarden er dynamisk i samsvar med den teknologiske utviklinga. I fortsetjinga skal det undersøkjast kva tolkingsbidrag lova- og føresegna sitt føremål kan gi til innhaldet i forsvarlegheitsstandarden.

### 2.1.3 Føremålssynspunkt

Føremålsparagrafen i akvkul. § 1 seier at lova skal «fremme akvakulturnæringens lønnsomhet og konkurransekraft innenfor rammene av en bærekraftig utvikling, og bidra til verdiskaping på kysten».

Ei rimeleg forståing av «bærekraftig utvikling» vil vere at naturen sitt mangfald og eksistens skal bevarast. Ei naturleg språkleg forståing av «rammene» tilseier at grensene for lovleg drift går ved ein viss terskel eller tolegrense. I førearbeida til § 1 heiter det at det med «bærekraftig utvikling» er meint at «naturens struktur, funksjon og produktivitet bevares, blant annet som grunnlag for å ivareta framtidige generasjoners muligheter til å tilfredsstille sine behov».<sup>38</sup> Ut i frå dette, vil akvakulturverksemd automatisk verte «miljømessig [u]forsvarlig», dersom verksemda utgjer ein trussel mot naturmangfaldet *utover* det bærekraftige, slik at det går utover framtidige generasjonar si moglegheit til å tilfredsstille sine behov jf. samanhengen mellom § 1 og 10.

Det er klart at ei akvakulturverksemd som påviseleg direkte trugar eller endåtil utryddar naturmangfaldet på ein irreversibel måte, berre utgjer eit ytterpunkt. Akvakultur vil kunne vere «miljømessig [u]forsvarleg» etter omstenda, sjølv om den ikkje utgjer noko trugsel for naturmangfaldet. Føremålet om «bærekraftig utvikling» bidreg soleis berre med å setje ei ytre ramme for det klart «miljømessig [u]forsvarlig[e]» jf. § 10. I det følgjande må ein undersøkje korleis miljøføremålet stillar seg i høve til andre føremål.

I tillegg til å sikre bærekraftig utvikling, skal lova fremje «lønnsomhet ... konkurransekraft ... og bidra til verdiskaping på kysten», men då «innenfor rammene av en bærekraftig utvikling» jf. akvkul. § 1. Lønsemd, konkurransekraft og verdiskaping kan noko upresist samlast under omgrepet «næringsomsynet» for den vidare framstillinga.

---

<sup>38</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 54.

Heng ein seg opp i formuleringane om at lova skal «fremme» næringsomsyn, men då «innenfor rammene» av miljøomsynet i § 1, kan ein få inntrykket av at miljøinteressa er subsidiær i høve til næringsinteressa.<sup>39</sup> På generelt grunnlag er ikkje denne rangeringa interessant. Det interessante er å undersøkje høvet mellom næringsomsynet og miljøomsynet etter akvakulturlova § 10 konkret. Spørsmålet er difor om akvkul. § 10 er ei føresegn som utelukkande skal fremje miljøomsynet, eller om næringsomsynet frå akvkul. § 1 òg er relevant for forsvarlegheitsvurderinga.<sup>40</sup>

Presumptivt vil lova sitt generelle føremål kunne gi bidrag for tolkinga av føresegnene i ei lov.<sup>41</sup> Dette kan tale for at næringsomsynet òg er relevant ved bruken av akvkul. § 10. Det er likevel ikkje slik at ein ukritisk kan dra vekslar på lova sitt generelle føremål ved tolkinga av enkeltføresegner. Vurderinga må gjerast konkret.<sup>42</sup>

I merknadane til § 10 heiter det at føremålet med § 10 er å sikre at akvakultur vert utøvd på ein miljømessig forsvarleg måte.<sup>43</sup> Vidare har føresegna overskrifta «Miljønorm», noko som gjer at ein kan hevde at akvkul. § 10 har eit særskilt individuelt føremål om å sikre miljøomsynet, på ein slik måte at næringsomsynet ikkje er relevant. På den andre sida er det nemnt i førearbeida at vurderinga av det miljømessig forsvarlege òg skal omfatte «en avveining mellom hensynet til næringsutvikling og andre samfunnshensyn».<sup>44</sup> Dette peiker i retning av at akvkul. § 10 òg skal ivareta næringsinteressa, slik at næringsomsynet påverkar forsvarlegheitsterskelen.

Hanne Gard Lund viser til den nemnte førearbeidsfråsegna og hevdar at sjølve forsvarlegheitsvurderinga difor byggjer på «en avveining mellom hensynet til næringsutvikling og andre samfunnsinteresser».<sup>45</sup> Vidare hevdast det at «[t]ildelingsmyndighetene skal vurdere om miljøkonsekvensene står i forhold til nytten av lokalitetsklareringen, og [at] hvilke interesser som veier tyngst beror på en konkret vurdering».

---

<sup>39</sup> Fosse (2011) s. 99.

<sup>40</sup> Fosse (2011) s. 97-108.

<sup>41</sup> Fosse (2011) s. 44 med vidare tilvising.

<sup>42</sup> Eckhoff (1997) s. 99 flg.

<sup>43</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>44</sup> Same.

<sup>45</sup> Lund (2010) s. 76.



Lund talar her om akvkul. § 6, bokstav a om akvakulturløyve, der det er eit vilkår om at det må vere «miljømessig forsvarlig» før forvaltninga kan gi ei lokalitetsklarering. Det følgjer frå førearbeida at vilkåret skal tolkast likt som i § 10.<sup>46</sup> Lund ser ut til å leggje til grunn at forsvarlegheitsvurderinga byggjer på ei veging av to likeverdige omsyn, nemleg næringsomsynet opp mot miljøomsynet.<sup>47</sup> Veginga synast å baserast på ei vurdering av om miljøkonsekvensane står i høve til nytta av akvakulturløyvet på staden. Dette kan det vanskeleg vere rettskjeldemessig dekning for.

For det fyrste ville det stride mot ei naturleg språkleg forståing av «miljømessig forsvarlig» dersom ein skulle innfortolke næringsomsynet som eit relevant vurderingsmoment. Som tidlegare nemnt i punkt 1.3.1, burde miljøomsynet og føremålet med føresegna søkjast prioritert, jf. prinsippet i GrL. § 112. Omsynet til demokratisk legitimitet, medrekna omsynet til dei grunnleggande konstitusjonelle verdiane som ligg til grunn for lovtekst og førearbeid, tilseier at ordlyden ikkje kan tolkast utvidande til skade for miljøomsynet i ei lov som elles legg til rette for næringsomsyn.<sup>48</sup>

For det andre vil ikkje det at førearbeida presiserer at ein må ta med omsynet til næringsutvikling i vurderinga, automatisk bety at lovgjevar har meint at næringsomsynet skal vere eit grunnleggjande vurderingsmoment etter § 10. Tvert i mot ville det vere tankevekkande om ei føresegn i lova med tittelen «Miljønorm» var meint å ivareta dei økonomiske- og vekstpolitiske interessene i næringa, då dette vanskeleg let seg forene med miljøomsynet som «ramme» for vekst. Det er difor meir nærliggjande å forstå førearbeida slik at næringsomsynet er eit *relevant* omsyn som må takast med i den heilskaplege vurderinga, meir enn eit vektande vurderingsmoment for kva som er forsvarleg.<sup>49</sup> Etter dette vil det ha best rettskjeldemessig dekning å legge Malin Fosse sin konklusjon til grunn, nemleg at:

«[F]orsvarlighetsvurderingen først og fremst er en rettslig standard hvor miljøhensyn er det sentrale vurderingstema, men at forsvarlighetsvurderingen også omfatter en avveining mot forbrukerhensyn, markedshensyn, hensynet til næringsutvikling og andre samfunnshensyn.

---

<sup>46</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 60.

<sup>47</sup> Lund (2010) s. 76. Sjå òg Fosse (2011) s. 104.

<sup>48</sup> Om demokratisk legitimitet som omgrep og rettsstatlege grunnverdiar, sjå Tande (2011) s. 25 flg. med vidare tilvisingar. Sjå òg særleg del 4 og 6.

<sup>49</sup> Det same er lagt til grunn av Fosse (2011) s. 107.

Disse hensynene har imidlertid mindre vekt enn miljøhensynet, og kan ikke vektlegges på bekostning av viktige miljøhensyn.»<sup>50</sup>

Etter dette vert det difor lagt til grunn at lova sitt føremål om å ivareta ei bærekraftig utvikling vil vere eit hovudomsyn ved forsvarlegheitsvurderinga etter akvkul. § 10, medan næringsomsynet berre skal vere eit relevant tilleggsomsyn i den heilskaplege konkrete vurderinga.

Til no har ein synleggjort det nærare innhaldet i akvkul. § 10 som rettsleg standard. I det følgjande skal det kort gjerast greie for potensielle konsekvensar ved brot på standarden, samt domstolane sin tilgang til å overprøve forvaltinga sitt skjøn ved bruken av føresegna.

#### 2.1.4 Sanksjonsmidlar

Eit brot på akvkul. § 10, fyrste ledd vil kunne aktualisere alle reaksjons- og sanksjonsformer i akvakulturlova kapittel VII, medrekna pålegg om tiltak (§ 27), vedtak om tvangsmulkt (§ 28), iverksetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning (§ 29), ilegging av brotsgebyr (§ 30) og føretaksstraff (§ 31). I tillegg har forvaltinga høve til å revidere eller tilbaketrekke heile akvakulturløyvet etter akvkul. § 9, mellom anna «dersom dette er nødvendig ut fra hensynet til miljøet», jf. bokstav a.

#### 2.1.5 Domstoloverprøving

Ein kan spør seg kva type skjøn som ligg til grunn for kva som er forsvarleg eller ikkje. Spørsmålet er om føresegna legg til grunn eit rettsbunde skjøn eller om det er tale om eit forvaltningsskjøn.<sup>51</sup> Svaret er avgjerande for kor langt domstolane kan gå i den rettslege overprøvinga av forvaltinga sin rettsbruk og subsumsjon.<sup>52</sup>

Grensa må trekkjast ved vanleg rettsleg tolking av kompetansegrunnlaget.<sup>53</sup> Ein må gjere ei heilskapleg vurdering av det konkrete vilkåret ut frå konteksten det inngår i. Vidare må ein sjå

---

<sup>50</sup> Fosse (2011) s. 107.

<sup>51</sup> Kva som er innhaldet i dei to ulike typane skjøn er godt forklart i Bernt/Rasmussen (2003) s. 74-80.

<sup>52</sup> Innjord (1996) s. 162-163.

<sup>53</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 393.

hen til førearbeida der desse gjev vegleiing. Rettspraksis visar at rettstryggleiksomsyn òg er relevant, då særleg inngrepspotensialet av heimelen.<sup>54</sup>

Frå rettspraksis, kan ein vidare trekke ut visse generelle moment og kriterium for vurderinga. Nokre av desse er om vilkåret viser til ein empirisk storleik- eller om det er tale om ein storleik som objektiv sett har ei yttergrense,<sup>55</sup> graden av kor vagt eller skjønnsprega vilkåret er,<sup>56</sup> samt om vurderingstemaet legg opp til ei teknisk, politisk, naturvitskapleg eller moralsk vurdering.<sup>57</sup>

Ordlyden av «miljømessig forsvarlig» er todelt i relasjon til kva bidrag den gjev til vurderinga av skjønnsform. Vilkalet «forsvarlig» utgjer ein rettsleg storleik med eit visst moralsk preg, samt ei terskelgrense som er egna for domstoloverprøving. Dette vil tale for at føresegna er underlagt eit rettsleg skjøn.

På den andre sida vil spørsmålet om kva som er forsvarleg ut i frå det «miljømessig[e]» i stor grad byggje på naturvitskapleg empiri og vurderingsparameter,<sup>58</sup> noko domstolane er lite egna til å overprøve. I mot dette talar det at naturvitskaplege data lett vil kunne gjerast tilgjengeleg for domstolane ved bruk av sakkunnige.

Førearbeida presiserer at vilkåret skal utgjere ein rettsleg standard, der kva som er forsvarleg vil kunne endrast over tid, i takt med aukande kunnskap og teknologisk utvikling. Ein slik dynamisk rettsleg størrelse må seiest å vere egna for domstolsprøving, særleg i eigenskap av å vere ein inngrepsheimel. Dynamiske inngrepsheimlar skapar fleksibilitet, men kan fort ramme borgarane si førehandsvisse. Då akvkul. § 10 har eit vidtgåande inngrepspotensiale, både strafferettsleg og økonomisk,<sup>59</sup> tilseier behovet for førehandsvisse og rettstryggleik i næringa at domstolane burde kunne gå forvaltinga si vurdering av § 10 fyrste ledd i saumane.

Det er ikkje berre oppdrettsaktørane sin rettstryggleik som talar for full rettsleg overprøving. Langt på veg kan det hevdast at omsynet til eit effektivt rettsvern for miljøet òg talar i same

---

<sup>54</sup> Sjø mellom anna Rt. 2007 s. 257 (Trallfa) avsnitt 40-46 og Rt. 2005 s. 117 (Tollbåt), avsnitt 46-49.

<sup>55</sup> Innjord (1996) s. 183.

<sup>56</sup> Same stad s. 184.

<sup>57</sup> Same.

<sup>58</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>59</sup> Sjø føre punkt 2.1.4.

retning. Domstolen vil kunne ha behov for å kontrollere at miljøinteressa vert etterfølgt i praksis.<sup>60</sup>

Vedtaka etter akvkul. § 10 andre ledd utgjer utvilsamt utøving av offentlig myndigheit etter Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova, heretter nml.) § 7. Dette gjer at krava om kunnskapsgrunnlag i § 8, føre-var-prinsippet i § 9, kravet om økosystemtilnærming og samla belastning i § 10, prinsippet om at forureinaren betalar i § 11 og kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i § 12, må inngå i Fiskeridirektoratet si vurdering. Det at det gjeld djuptgåande og grunnleggande krav for Fiskeridirektoratet til å sikre miljøomsynet etter nml. § 12 og Grl. § 112, gjer at omsynet til eit effektivt rettsvern for miljøet òg tilseier full rettsleg overprøving. Etter dette vert det difor lagt til grunn at kva som er «miljømessig forsvarlig» etter akvkul. § 10 er underlagd eit rettsbunde skjøn, noko som gjer at domstolane kan overprøve forvaltinga sin rettsbruk og subsumsjon fullt ut.

Til no har avhandlinga klargjort innhaldet i kravet til «miljømessig forsvarlig» akvakultur etter akvkul. § 10. Vidare kjenner ein til eventuelle sanksjonsgrunnlag og domstolen sin overprøvingstilgang. I det følgjande skal påleggstilgangen undersøkjast nærare. Her skal det sjåast nærare på innhaldet i – og grensene for – kva forvaltinga kan pålegge som «forebyggende tiltak» etter akvkul. § 10 andre ledd.

#### 2.1.6 **Kva er «forebyggende tiltak»?**

Det heiter i akvkul. § 10 andre ledd at forvaltinga «kan» gripe inn med krav om «forebyggende tiltak» ved miljømessig uforsvarleg drift. Ei naturleg språkleg forståing av «forebyggende tiltak» er at forvaltinga kan krevje at oppdrettaren iverkset ein aktivitet for å hindre eller stanse den miljømessig uforsvarlege drifta. Ordlyden av «forebyggende» set grenser for kva ein kan krevje av tiltak. Tiltaket må ha årsakssamanheng med – og vere egna til – å stanse det miljømessig uforsvarlege. Utover dette er det lite å hente frå ordlyden isolert.

Den opphavlege akvkul. § 10 andre ledd var formulert meir generelt. Presiseringa om åtgangen for forvaltinga til å stille krav til førebyggande tiltak, merking og sterilisering er

---

<sup>60</sup> Liknande resonnement om korleis det finst ei «nedre grense» etter forurl. § 11, sjå Fosse (2011) s. 130 med vidare tilvisingar, særleg fotnote 480.

ny.<sup>61</sup> Om grunngjevinga for presiseringa av «forebyggende tiltak» i andre ledd, heiter det i førearbeida at:

«Presiseringen gjør det klart at forebyggende arbeid er en selvstendig plikt som følger av miljønormen og at departementet gjennom forskrifter kan gi nærmere bestemmelser om slikt arbeid. Brudd på plikter om forebyggende arbeid medfører ikke nødvendigvis skade på naturen, men driften kan likevel være uforsvarlig og i strid med miljønormen.»<sup>62</sup>

Fråsegna viser at kravet til å drive miljømessig forsvarleg medfører ei plikt for aktøren om å drive forebyggande arbeid. I tillegg er det klart ut ifrå ordlyden, samt føresetnadar i førearbeida, at forvaltinga òg skal kunne gå inn og gi pålegg om forebyggande tiltak utover dette. Dersom oppdrettaren handlar i strid med dette, vil dette kunne utløyse sanksjonar etter kapittel 7.

Gjer ein ei kontekstuell tolking, ser ein at «forebyggende tiltak» inngår som eit av fleire inngrepsverktøy for å realisere miljømessig forsvarlegheit, saman med moglegheita for å pålegge krav om merking og sterilisering jf. akvkul. § 10. Slutninga om at tiltaket må vere egna til å sikre miljømessig forsvarlegheit, vert underbygd av at dei andre alternativa i andre ledd har det same føremålet. Ordlyden er derimot særleg vakt formulert, og førearbeida gjev lite vegleing til det nærare innhaldet av vilkåret «forebyggende tiltak». Det må difor sjåast hen til tilstøytande lovgjeving for meir konkretisering av innhaldet i vilkåret.

Då vilkåret har eit stort inngrepspotensiale, vil det i lys av det nemnte i punkt 1.3.2 om legalitetsprinsippet som dynamisk tolkingsskranke, kunne vere prinsipielle motførestellingar ved å sjå til andre føresegnar for å finne det nærare innhaldet i inngrepsvilkåret. Men som nemnt, står likevel ikkje legalitetsprinsippet særleg sterkt på miljørettens område. Som nemnt i del 2.1.3 om føremålssynspunkt, vil miljøomsynet vere det mest sentrale omsynet etter akvkul. § 10. Ei føremålslojal tolking av føresegna vil best ivareta det miljørettslege føremålet etter akvkul § 1, samstundes som at ein best vil realisere prinsippet i Grl. § 112. Det er difor lite grunn til å stille opp eit strengt legalitetskrav for akvkul. § 10 konkret.

Legalitetsprinsippet ytar soleis ikkje særleg motstand mot å søkje tolkingssidrag til forståinga av miljønorma i andre tilgrensande lover. Ei relevant lov vil kunne vere den ovanfornemnte

---

<sup>61</sup> Sjø formulering før Lov om endringer i akvakulturloven 21. juni 2013 nr. 74.

<sup>62</sup> Prop. 103 L (2012-2013) s. 16.

naturmangfoldlova.<sup>63</sup> I førearbeida til akvakulturlova heiter det at «[s]om all annen matproduksjon påvirker akvakultur miljøet. Bestemmelsene i naturmangfoldloven om formål og alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk, vil supplere akvakulturloven ved vurderinger og avgjørelser myndighetene gjør etter akvakulturloven».<sup>64</sup>

Det er etter dette rettskjeldemessig dekning for å søkje vegleiiing for det nærare innhaldet i vilkåret om «forebyggende tiltak» etter akvkul. § 10 andre ledd i naturmangfoldlova. Særleg relevant vil her vere nml. § 12 og prinsippet den gjev uttrykk for; prinsippet om best tilgjengelege teknikkar.

### 2.1.7 Prinsippet om best tilgjengelege teknikkar

Som nemnt under punkt 2.1.5 er forvaltinga bunde til å følgje prinsippa i nml. §§ 8 til 12 som retningsliner ved rettsbruken av akvkul. § 10. Nml. § 12, og prinsippet som ligg i denne, har difor direkte relevans for Fiskeridirektoratet si myndigheitsutøving. Det følgjer av § 12 at:

«For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidlige, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»

Forvaltinga kan stille krav til miljøvenlegheita av produksjonsutstyr- og måtar, så lenge det vil gi «de[t] beste samfunnsmessige resultat[et]» jf. § 12. Føresegna gjev klårt uttrykk for det meir generelle prinsippet om best mogleg tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar, og har til føremål å forhindre og avgrense miljøskade. Kravet om best mogleg tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar, eller «best available techniques» (BAT),<sup>65</sup> er eit etablert internasjonalt miljørettsleg prinsipp. Prinsippet kan tenkjast i ulike utformingar, som i varierende grad trekk inn økonomiske vurderingar ved sida av miljømessige vurderingar og soleis stillar ulike krav når det gjeld utvikling av ny teknologi.<sup>66</sup>

Ein variant av prinsippet kjem til uttrykk i forurl. § 11, der prinsippet inngår i vurderinga av om forureiningsløyve skal gis. Eit slikt løyve er mellom anna ein føresetnad for å få akvakulturløyve jf. akvkul. § 6, bokstav d. Den mest detaljerte og meir konkretiserte

---

<sup>63</sup> Sjå punkt 2.1.5.

<sup>64</sup> Prop. 103 L (2012-2013) s. 31.

<sup>65</sup> Formuleringa av prinsippet varierar i lovgjevinga.

<sup>66</sup> Backer (1990) s. 14.

formuleringa av prinsippet, finn me i retningslinene for vurderinga av forurl. § 11, slik dei er innteke i vedlegg II til kapittel 36 i Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta). Forureiningsforskrifta er ei direkte inkorporering av IPPC-direktivet.<sup>67</sup>

Det er usikkert om prinsippet, slik det er formulert i naturmangfaldlova, er meint å ha same innhald som den meir detaljerte formuleringa i forureiningsforskrifta. Førearbeida til naturmangfaldlova omtalar ikkje samanhangen mellom naturmangfaldlova og IPPC-direktivet.<sup>68</sup> Konsekvens- og harmoniomsyn, samt presumsjonsprinsippet, tilseier at prinsippet i naturmangfaldlova skal tolkast på same måte som det vert definert i forureiningsforskrifta, då dette best sikrar direktivkonformitet. Ei slik forståing vil gi forvaltinga eit meir detaljert vurderingsgrunnlag å bygge skjønnet etter akvkul. § 10 andre ledd på, samstundes som det sikrar konsistent rettsbruk ved at prinsippet vert handheva likt ved tildeling av forureiningsløyve som ved inngrep under drift av forureinande verksemd.

#### 2.1.8 Naturmangfaldlova som tolkingsbidrag

Kva gjeld det konkrete innhaldet i nml. § 12, framhevar departementet i førearbeida at føresegna opnar for bruk av naturressursar, men då på ein måte som best mogleg er tilpassa naturverdiane, slik at ressursane kan brukast i eit langsiktig perspektiv.<sup>69</sup> Soleis har prinsippet ei side til føremålet om å ivareta eit bærekraftig miljø i akvkul. §§ 1 og 10 og Grl. § 112.

Vidare heiter det i førearbeida at føresegna opphavleg er tenkt brukt på tilfelle der teknologien skal søkje å avhjelpe ein miljøskade som elles ville oppstått, men at ho òg kan vere aktuell for bruksmetodar som på ein positiv måte bidreg til å oppretthalde eit biologisk mangfald.<sup>70</sup> Prinsippet i nml. § 12 skal soleis vere med på å avhjelpe kjende miljøutfordringar gjennom å stille krav til miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Akvakulturproduksjon medfører ei pårekeleg og kjend ureining av miljøet. Det er difor lite tvilsamt at prinsippet kjem i bruk for forvaltinga av akvakultur.

Når det gjeld det nærare konkrete innhaldet i «driftsmetoder» og «teknikk», heiter det i førearbeida at driftsmetodar mellom anna kan vere landbruksmetodar, hogstformer,

---

<sup>67</sup> Direktiv 2008/1/EF.

<sup>68</sup> Sjø òg Aulie (2014), Naturmangfoldloven, note (55), rettsdata.no.

<sup>69</sup> Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 105-106.

<sup>70</sup> Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 107.

redskapsbruk i fiskerinæringa og sikringstiltak ved oppdrettsanlegg. Best mogleg teknikk kan til dømes vere reinsemetodar for utslepp som sikrar at levande framade organismar ikkje vert slept ut i naturen.<sup>71</sup>

Som ein ser, er sikringstiltak ved oppdrettsanlegg uttrykkeleg nemnt som relevant reguleringsområde for naturmangfaldlova. Dette skapar ein naturleg samanheng med akvakulturlova, og harmonerer med førearbeida til akvkul. § 10 og fråsegna om at standarden for kva som er forsvarleg vil endrast over tid i takt med aukande kunnskap og teknologisk utvikling.<sup>72</sup> Dette talar for at prinsippet i nml. § 12 om best mogleg teknikk og driftsmetodar supplerer kravet til «forebyggende tiltak» i akvkul § 10 andre ledd.

Etter dette kan ein sei at naturmangfaldlova legitimerer at forvaltinga kan pålegge oppdrettsaktørar å bruke økonomiske midlar på miljøvenleg teknologi i dei tilfelle dette er naudsynt av omsyn til miljøet. Miljøomsynet er likevel ikkje alttoppslukande etter naturmangfaldlova. I førearbeida er det presisert at:

«I vurderingen av hvilke teknikker og driftsmetoder og hvilken lokalisering som skal aksepteres i det enkelte tilfelle, skal myndighetene ta hensyn til ... økonomiske forhold. Det er den løsningen som etter en samlet vurdering gir de beste samfunnsmessige resultatene, som skal velges. Dette kan bety at økonomiske forhold i enkelte saker vil veie tyngre enn hensyn til naturmangfoldet, men generelt bør den løsning velges som er best for naturen.»<sup>73</sup>

Økonomiske høve eller andre overordna samfunnsomsyn kan gå føre miljøinteressa etter naturmangfaldlova, sjølv om miljøomsynet, som tidlegare nemnt, generelt burde vere styrande. Denne skranka vil vere naturleg å inkludere som grense for kva ein kan krevje av «forebyggende tiltak» etter akvkul. § 10 andre ledd, nettopp fordi vurderinga av kva som er miljømessig forsvarleg – og difor kva som er «forebyggende» – skal «omfatte en avveining mellom hensynet til næringsutvikling og andre samfunnshensyn».<sup>74</sup>

Prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, slik det er formulert i naturmangfaldlova og detaljert definert i forureiningsforskrifta, utfyller og supplerer heimelen for kva Fiskeridirektoratet kan pålegge ein oppdrettsaktør å ta i bruk av miljøvenleg teknologi og produksjonsmetode som «forebyggende tiltak» etter akvkul. § 10 andre ledd.

---

<sup>71</sup> Ot. prp. nr. 52 (2008-2009) s. 383.

<sup>72</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>73</sup> Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 383-384.

<sup>74</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.



### 2.1.9 Oppsummering

Til no har ein funne at oppdrettsaktørar har ei plikt til å drive «miljømessig forsvarlig» produksjon etter akvkul. § 10, i tillegg til å ha ei handleplikt til å hindre vesentlig miljøskade ved forureining og økologiske effektar. Vurderinga av kva som er forsvarleg byggjer på ei naturfagleg vurdering av dei konkrete høva på staden, samt ei vurdering av miljøskaderisikoens art og grad. Den rettslege standarden er dynamisk og utviklar seg i tråd med aukande kunnskap og teknologisk utvikling.

Eit brot på akvkul. § 10 fyrste ledd kan medføre ei rekke ulike sanksjonar,<sup>75</sup> i tillegg kan forvaltinga stille krav til «forebyggende tiltak» medan produksjonen pågår jf. akvkul. § 10 andre ledd. Men dei nærare grensene for kva «tiltak» forvaltinga kan krevje, er ikkje løyst i akvakulturlova sjølv. Her vil prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i nml. § 12 gi vegleiing eit stykke på veg, slik det er innført gjennom IPPC-direktivet, og detaljert formulert i forureiningsforskrifta. Men forvaltinga kan ikkje utelukkande legge vekt på at det har kome ny og betre teknologi som reduserer miljøkonsekvensane ved akvakultur. Som ein såg i punkt 2.1.2, kan forvaltinga berre gripe inn der det føreligg fare for *vesentleg* miljøskade. I tillegg kom det fram i punkt 2.1.8 at økonomiske høve ville påverke kva forvaltinga kan krevje.

Etter dette har avhandlinga synleggjort at det tilsynelatande føreligg lovheimel for Fiskeridirektoratet til å pålegge oppdrettsaktørar å ta i bruk ny- og meir miljøvenleg teknologi gjennom einskildvedtak, i dei tilfelle ein finn gjeldande produksjon for å vere «miljømessig [u]forsvarlig» etter akvkul. § 10. Ein kan likevel ikkje konkludere endeleg, då det er utilstrekkeleg å berre sjå på akvkul. § 10 og tilgrensande lovgrunnlag isolert. Heimelen må følgjeleg vurderast opp mot andre relevante reguleringsgrunnlag for produksjonsteknologi ved akvakultur.

Eit sentralt motargument er som nemnt innleiingsvis i punkt 1.1 at teknologi- og ustyrskrava for næringa allereie er grundig regulert gjennom forskrift, norsk standard og eventuelle konsesjonsvilkår. Det kan difor hevdast å stride mot omsynet til førehandsvisse dersom forvaltinga skal kunne pålegge rettssubjekta nye teknologikrav utover krav i lov, forskrift og eventuelle konsesjonsvilkår. I det følgjande skal tolkingsresultatet av akvkul. § 10 difor haldast opp mot rettskjeldebiletet. Spørsmålet i fortsetjinga vert om ein kan pålegge

---

<sup>75</sup> Sjå punkt 2.1.4.

utstyrskrav etter akvkul. § 10 *utover* eksisterande utstyrskrav i lov, forskrift og eventuelle konsesjonsvilkår.

## **2.2 Eksisterande utstyrskrav**

### **2.2.1 Oversyn**

Det følgjer av akvkul. § 4 at ein må ha akvakulturløyve for å kunne drive lovleg akvakultur. I akvkul. § 6 finn ein generelle vilkår for å få akvakulturløyve. Her heiter det at departementet kan gi akvakulturløyve dersom det mellom anna er «miljømessig forsvarlig» jf. bokstav a. Kompetansen til å tildele sjølve akvakulturløyvet ligg hjå den Fylkeskommunen der lokaliteten det vert søkt om er plassert i jf. Forskrift om samordning og tidsfrister i behandlingen av akvakultursøknader § 3 fyrste ledd. Fylkeskommunen har eit fritt skjøn for *om* den i det heile vil gi akvakulturløyve etter § 6 fyrste ledd. Forvaltinga kan vidare stille ulike vilkår for vedtak om tildeling av akvakulturløyve og lokalitetstildelingsvedtak med heimel i den ulovfesta vilkårslæra.<sup>76</sup>

Utstyrskrava er òg regulert i lov. Det følgjer av akvkul. § 12 andre og tredje ledd at:

«Innretninger og utstyr ... skal være forsvarlig utformet, ha forsvarlige egenskaper og brukes med nødvendig aktsomhet.

Departementet kan gi forskrift om krav til tilvirkning, bruk og egenskaper ved innretninger og utstyr som nevnt i annet ledd, herunder fastsette godkjennings- og sertifiseringsordninger.»

Med heimel i føresegna har ein gjeve NYTEK-forskrifta og tilhøyrande NS 9415: 2009, der ein finn særskilte konkrete krav til lokalitetsundersøking, risikoanalyse, utforming, dimensjonering, utføring, montering og drift av akvakultur. Saman etablerer forskrifta og standarden ein bransjestandard som alle oppdrettsaktørar må halde seg til. På bakgrunn av løyvetildelingsvedtaket og lokalitetstildelingsvedtaket med eventuelle vilkår og NYTEK-forskrifta, vil oppdrettaren ha eit føreseieleg grunnlag for å starte si verksemd. Dersom akvakulturutstyret er i tråd med dette grunnlaget, skal ein kunne presumere at eins eiga drift- og produksjon er lovleg.

---

<sup>76</sup> Sjå Myklebust (2013) s. 125 sin konklusjon om at forvaltinga har vid åtgang til å stille vilkår ved lokalitetstildelingsvedtak.

Omsynet til oppdrettsnæringa sitt behov for innretting etter gjeldande regelverk og førehandsvisse om kva krav som vert stilt, vil vere heilt essensielt for å realisere akvakulturlova sitt føremål om å fremje akvakulturnæringa si lønsemd, konkurransekraft og verdiskaping jf. akvkul. § 1. Omsyna gjer det utilrådeleg at forvaltinga skal kunne pålegge oppdrettsaktørar å ta i bruk ny miljøvenleg teknologi utover etablert bransjestandard.

Problemstillinga kan likevel ikkje løysast åleine på grunnlag av næringa sitt behov for innretting og førehandsvisse. For å finne ut om akvkul. § 12 med tilhøyrande NYTEK-forskrift og norsk standard er til hinder for å pålegge miljøteknologiske krav etter akvkul. § 10, må ein undersøkje samanhengen mellom rettskjeldene. Men før ein gjer dette, er det tenleg å undersøkje innhaldet i dei eksisterande utstyrskrava nærare.

### 2.2.2 Akvakulturlova § 12

Føresegna sitt fyrste ledd regulerer krav til vare- og tenesteproducentar, og er ikkje relevant for vår drøfting. Mest interessant er føresegna sitt andre og tredje ledd der føresegna stiller krav om at innretningar og utstyr skal vere «forsvarlig utformet» med «forsvarlige egenskaper». Føresegna er plassert i kapittel III om «Miljøhensyn», og er påfallande lik akvkul. § 10 sitt krav om «miljømessig forsvarlig» akvakultur, då den krev at utstyr for akvakultur skal vere «forsvarlig». Det er vidare ikkje tvilsamt at føresegna er motivert av eit ønskje om å ivareta miljøomsynet. Førearbeida presiserer at føresegna:

«omfatter alle installasjoner, innretninger og gjenstander som brukes i akvakultur. Utstyr omfatter komponenter satt i system, for eksempel et oppdrettsanlegg, samt de enkelte deler av slike systemer, herunder merder, forankring mv. Videre vil alle fartøyer som anvendes i tilknytning til akvakultur omfattes. Eksempler på dette er føringsbåter og brønnbåter. Også løse gjenstander som brukes i driften vil være å anse som utstyr.»<sup>77</sup>

Vidare heiter det i førearbeida at føresegna skal førebygge rømmingsfare, og at føresegna fungerer som ein rettsleg standard.<sup>78</sup> Når det gjeld forvaltinga sin handlingskompetanse, følgjer det vidare frå førearbeida at føresegna gir «adgang til i forskrift å stille krav til utredning og dokumentasjon av alle ytre påvirkningar som kan påføre belastningar til anlegg,

<sup>77</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 67.

<sup>78</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 66-67.

innretning eller utstyr som omfattes av godkjenningsordningen, for eksempel belastninger fra det ytre miljø, påmontert og løst utstyr, vekt av død fisk, fôr mv».<sup>79</sup>

Føresegna skal soleis sikre at komponentar, utstyr og innretningar er forsvarleg utforma og montert. Gjennom forskrift, kan forvaltinga stille krav om kva som skal vere godkjent utstyr. Ei naturleg grunngeving for denne ordninga er at utstyret skal kunne hindre rømming og øydeleggingar. Dersom eit tau slit seg, eller dersom notpåsen si tålegrense ikkje er justert etter straumtilhøva på lokaliteten, vil det lett kunne oppstå rømming av fisk. Difor er det essensielt å utforme krav for utstyret sine eigenskapar i høve til ytre belastningar og faktorar. Den nærare detaljreguleringa av dette følgjer som tidlegare nemnt av NYTEK-forskrifta med tilhøyrande standard.

### 2.2.3 NYTEK og NS 9415: 2009

Forskrifta stiller opp ei rekke krav til utstyr og sertifisering ved etablering eller utviding av akvakultur. Ved etablering følgjer det av NYTEK-forskrifta § 9 at det må gjerast ei lokalitetsundersøking som oppfyller krava i NS-9415:2009 før eit flytande akvakulturanlegg kan utplasserast på ein lokalitet. I tillegg følgjer det til dømes av høvesvis §§ 12, 13 og 14 at det er eit vilkår for bruk at ulike komponentar og utstyr oppfyller krava i standarden, samt at dei må vere produktsertifisert med produktsertifiseringsbevis. Vidare må det utførast og dokumenterast ei fortøyningsanalyse i tråd med standarden.

Det følgjer av NYTEK-forskrifta § 1 at føremålet er å «bidra til å forebygge rømming av fisk fra flytende akvakulturanlegg gjennom å sikre forsvarlig teknisk standard på anleggene». Føremålet med forskrifta er soleis å direkte realisere akvkul. § 12, medan den indirekte har til føremål å sikre miljøomsynet etter akvkul. § 1. Det følgjer frå forskrifta § 2, andre og tredje ledd, at forskrifta gjeld for «enhver som driver akvakultur» samt «vare- og tjenesteleverandører». I § 3 heiter det at forskrifta kjem i bruk for «flytende akvakulturanlegg, for alle hovedkomponenter, konstruksjonsdeler til fortøyning og ekstraustyr til slike anlegg».

Forskrifta er soleis nesten «altomfattande» for utstysbruk ved akvakultur, og har preg av å vere uttømmmande regulering grunna sær detaljerte reglar og krav. Som eit døme på kor detaljert reguleringa er, kan ein sjå til mellom anna forskrifta § 13 andre ledd, der det heiter at konstruksjonsdelar som inngår i fortøyning skal samsvare med krava i standarden. Ser ein til

---

<sup>79</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 67.

standarden kapittel 8, finn ein sær s avanserte tabellar for dimensjonsklassar og maskestørrelsar i notpåsar basert på matematiske formlar.

#### 2.2.4 Nærare om problemstillinga og vegen vidare

Spørsmålet om forvaltinga kan stille nye teknologikrav utover etablerte krav i lovgjeving eller konsesjonsvilkår, har likskapstrekk til spørsmålet om fiskeriforvaltinga sin fridom til å stille vilkår ved tildeling av akvakulturløyve eller i lokalitetstildelingsvedtak. I den sistnemnte relasjon framhevar Ingunn Elise Myklebust at forvaltinga sin skjønnsfridom er avhengig av om «forskriftene skal oppfattast å vere uttømmmande, eller om det ligg ein *restkompetanse* til høvesvis det lokale mattilsynet og fylkeskommunen ved vurdering av einskildsaker».<sup>80</sup> I denne avhandlinga er ikkje forvaltinga sitt rom for vilkårsstilling og deira restkompetanse særleg relevant. Problemstillinga sitt prinsipielle perspektiv har likevel stor overføringsverdi. Myklebust formulerer det som eit spørsmål «om forskriftene er uttømmmande i høve til kva for krav som kan setjast til næringa i samband med lokalitetsklarering, eller om forvaltningsstyresmaktene ved einskildvedtak kan setje strengare reglar».<sup>81</sup>

Overført til denne avhandlinga si problemstilling, vil spørsmålet vere om krava ein kan stille til teknologi og produksjonsmåtar er uttømmmande regulert i lovs- eller forskriftsform, på ein slik måte at forvaltinga ikkje kan pålegge byrdar utover dette i form av einskildvedtak med heimel i akvkul. § 10.<sup>82</sup> Dersom dette skulle vere tilfelle, ville det ikkje vere meir *restkompetanse* att i akvkul. § 10 andre ledd for forvaltinga til å fatte meir tyngande teknologikrav i form av einskildvedtak. Svaret på spørsmålet om utstyrskrava skal seiast å vere uttømmmande regulert eller berre minstekrav byggjer i det følgjande på ei konkret tolking av samhøvet mellom akvkul. § 10 og § 12 med forskrift og standard.<sup>83</sup>

---

<sup>80</sup> Myklebust (2013) s. 119.

<sup>81</sup> Same.

<sup>82</sup> Sjø òg Myklebust (2013) s. 118.

<sup>83</sup> Sjø òg Eckhoff/Smith (2010) s. 382-383.

## 2.3 Høvet mellom miljønorma og eksisterande utstyrskrav

### 2.3.1 Samhøvet mellom miljønorma og anna regelverk

Akvkul. § 10 er i følgje førearbeida ein «generell materiell bestemmelse som gir adgang til [å] gi bestemmelser for å sikre en miljømessig forsvarlig produksjon, samt gripe inn mot ethvert tilfelle hvor produksjonen ikke er miljømessig forsvarlig».<sup>84</sup> Dersom ein gjer ei kontekstuell fortolking, ser ein at § 10 utgjer ei slags hovudføresegn i kapittel III, medan §§ 11, 12, 13, 13a og 14 utgjer mykje meir konkrete føresegner om miljøtiltak, som saman er med på å bidra til oppfyljing av den rettslege standarden i § 10. Dette i lys av det ovanfornemnte sitatet frå førearbeida, vil tale for at akvkul. § 10 er meint å ha eit sjølvstendig innhald som ei overordna føresegn på ein slik måte at ho står på egne bein.

Ordlyden i vilkåret «miljømessig forsvarlig» i § 10 er vag, og speglar ein dynamisk rettsleg terskel. Mykje av det same finn me i § 12 andre ledd, der det heiter at utstyr skal vere «forsvarlig utformet» og ha «forsvarlige egenskaper». Då ordet «forsvarlig» vert brukt i begge føresegner, kan likskapsomsyn og omsynet til samanheng i lova tilseie at den eine oppfyller den andre, i den forstand at «forsvarlig» utstyr etter § 12, automatisk tilfredstillar kravet for «miljømessig forsvarlig» utstyr etter § 10.

På den andre sida er det utvilsamt at utstyr og teknologi kan vere «forsvarlig utformet» og ha «forsvarlige egenskaper» isolert jf. § 12, men framleis vere utilstrekkeleg til å sikre «miljømessig forsvarlig» drift etter § 10. Dette talar sterkt for at § 10 utfyllar og supplerer krava som er fastsett etter § 12.

Argumentet ovanfor kan illustrerast med eit praktisk døme. Akvkul. § 12 stiller opp generelle bransjekrav til utstyr, medan vurderinga etter § 10 skal vere konkret. Dei konkrete omstenda kan difor tilseie at akvkul. § 10 kan gå lenger enn § 12. Til dømes kan eit anlegg vere utforma i tråd med krav i forskrift og standard, men samstundes ligge så vêrutsett til, at risikoen for slitasje og miljøskade som følgje av rømming overskrid terskelen i akvkul. § 10.

Ein kan òg tenkje seg eit anlegg som er dimensjonert og konstruert i tråd med § 12, men der den stadig aukande lusespreiinga førar til at det er «miljømessig [u]forsvarlig» å drive akvakultur med den same konvensjonelle avlusingsteknikken, fordi lokal sjøaure og villfisk

---

<sup>84</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

tek skade av den høge resistente lusebestanden. I tillegg kan det vere «miljømessig [u]forsvarlig» etter akvkul. § 10 å bruke praktiserte avlusingsteknikkar som hydrogenperoksidhandsaming (H<sub>2</sub>O<sub>2</sub>), då dette kan gjere lusa resistent og samstundes hindre skalskifte og ta livet av reker- og skaldyr i sjøen.<sup>85</sup> Det forsvarlege vil då vere å ta i bruk nye alternative teknologiar og metodar som lakseluslasar,<sup>86</sup> termisk avlusing,<sup>87</sup> reinsefisk,<sup>88</sup> bruk av skjørt,<sup>89</sup> snorkel,<sup>90</sup> endring av fisketettleik,<sup>91</sup> med meir.

Etter dette er det sterkest rettskjeldemessig dekning for å konkludere at akvkul. § 10 heimlar pålegging av miljøteknologiske krav utover dei generelle bransjekrava etter § 12 med forskrift og standard. Dette samsvarar med førearbeidsfråsegna til § 10 om at forsvarlegheitsstandarden vil kunne endrast over tid i tråd med aukande kunnskap og teknologisk utvikling.<sup>92</sup> Ein slik dynamisk mekanisme vil vere naudsyn, då generelle nasjonale forskrifter som NYTEK-forskrifta ofte kan ta lang tid å endre. Dersom ein skulle «låse» regelverket utelukkande i minstekrava, ville ein ikkje i tilstrekkeleg grad få tilpassa regelverket til den konkrete miljøsituasjonen etterkvart som den utvikla seg. Akvkul. § 12 med forskrift og standard er difor å sjå på som ei detaljert minstelovgjeving, og soleis ikkje uttømmende.

Akvkul. § 10 er soleis ikkje satt ut av funksjon for § 12 sitt reguleringsområde, nettopp fordi føresegna skal tene som ein dynamisk tryggleiksventil som skal sikre miljøomsynet i tråd med den teknologiske utviklinga. Ei motsett slutning ville vore utilrådeleg dersom ein ser til tolkingsprinsippet i GrL § 112 om at miljøomsynet burde gå føre ved tolkingstvil. Dersom ein skulle tolke akvkul. § 10 slik at den ikkje omfattar § 12 sitt reguleringsfelt, ville dette vore ei tolking til skade for dei grunnleggjande miljøomsyna § 10 skal verne om.

Konklusjonen vert etter dette at akvkul. § 12, NYTEK-forskrifta og NS 9415:2009 ikkje er til hinder for at forvaltinga kan stille miljøteknologiske krav utover minstekrava med heimel i akvkul. § 10 andre ledd. Men som nemnt under punkt 2.2.1 er det òg mogleg å fastsetje teknologikrav ved tildeling av akvakulturløyve i tråd med den ulovfesta vilkårs læra. I det

---

<sup>85</sup> Berglihn (2014), *Pøste legemidler i merdene*, dn.no og Fosse, Dag-Henrik (2014), *Halvparten av rekene døde*, sysla.no.

<sup>86</sup> Myrset (2014), *Her skyter de lakselus med laser*, sysla.no.

<sup>87</sup> Berge (2014), *Se «Thermolicer» i drift*, ilaks.no

<sup>88</sup> Hanssen (2012), *Lovende resultater med rognkjeks*, forskning.no.

<sup>89</sup> Olderkjær (2014), *Laksenæringa kler seg i skjørt*, sysla.no.

<sup>90</sup> Aadland (2014), *Denne snorkelen skal gjøre laksen lusefri*, sysla.no.

<sup>91</sup> Sunnset (2015), *Mindre lus når laksen står tett*, imr.no.

<sup>92</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

følgjande må det difor takast stilling til om teknologikrav vedteke i konsesjonskrav kan vere til hinder for å pålegge ein aktør å ta i bruk ny og meir miljøvenleg teknologi etter akvkul. § 10.

### 2.3.2 Samhøvet mellom miljønorma og eksisterande konsesjonsvilkår

Som tidlegare nemnt under punkt 2.2.1 vil ein oppdrettar ha behov for å kunne stole på at drifta er lovleg i det ein oppfyller lova sine minstekrav og eventuelle konsesjonsvilkår. Innrettingsomsynet talar sterkt i mot ei ordning der ein kan påleggast byrder utover etableringskrav i konsesjon. Ei generelt poeng er likevel at konsesjonshavarar ikkje er beskytta mot ny lovgjeving, og at ein som regel må akseptere at det kjem nye reglar som stillar strengare krav eller pålegg nye plikter.<sup>93</sup> Eckhoff/Smith skriv at:

«En bedrift som har tillatelse til en viss næringsvirksomhet, er f.eks. ikke beskyttet mot nye sikkerhetsforskrifter som gjør betydelige investeringer nødvendige hvis virksomheten skal fortsette, og yrkesutøvere må finne seg i f.eks. nye kvalifikasjonskrav som forutsetter etterutdanning, prisregulering eller nye skatteregler. Dette gjelder som hovedregel, selv om vedkommende lov ikke tar noe forbehold i denne retning.»<sup>94</sup>

I vårt tilfelle har forvaltinga ein sær s vidtgåande omgjeringsstilgang etter akvkul. § 9. Her heiter det at departementet kan endre eller trekke tilbake akvakulturløyve dersom det føreligg forhold som nemnt i bokstav a-e. Ein revisjons- og tilbaketrekkingssgrunn er «dersom det ... er nødvendig ut fra hensynet til miljøet» jf. akvkul. § 9, bokstav a. Soleis heimlar lovgjevar eksplisitt at konsesjonar for akvakultur skal kunne endrast eller trekkjast tilbake, så lenge det er naudsynt for å sikre miljøomsynet. I førearbeida heiter det at:

«Hvilke endringer og tilbaketrekkinger som kan være nødvendig ut fra hensynet til miljøet, må vurderes ut fra den kunnskap som til enhver tid finnes om miljøeffekter av akvakultur. En tillatelse som på tidspunktet den ble gitt ble vurdert som fullt ut miljømessig forsvarlig å gi, kan senere vise seg å ha slike negative effekter på miljøet at det er nødvendig å trekke den tilbake eller endre den.»<sup>95</sup>

Som ein ser, er meininga med akvakulturlova sitt system å legge til rette for ein dynamisk inngrepstilgang ut i frå miljøomsynet. Sjølv om ein driv i tråd med alle krav som følgjer av

---

<sup>93</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 467.

<sup>94</sup> Same stad.

<sup>95</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 63-64.



lova og forskrift gjeve i medhald av lova, har ein inga garanti for at vilkår eller krav kan verte stilt for å ivareta miljøet.<sup>96</sup> Fosse skriv i denne relasjon at «[I]okalitetsklarering og tillatelse kan trekkes tilbake selv om den ble ansett for å være miljømessig forsvarlig da den ble gitt, dersom det i ettertid viser seg at den har «slike negative effekter på miljøet at det er nødvendig å trekke den tilbake eller endre den».<sup>97</sup>

Då det er vidtgående heimel i akvakulturlova for å stille nye vilkår og krav ved konsesjonsrevisjon, er det lite som skulle tale i mot ein tilsvarande tilgang i form av einskildvedtak etter akvkul. § 10. Etter dette er konsesjonsvilkår og innrettingsomsynet ikkje til hinder for å pålegge miljøteknologiske krav etter akvkul. § 10.

Konklusjonen etter drøftinga i del 2 er difor at det er heimel for å pålegge oppdrettsaktørar å ta i bruk ny og meir miljøvenleg teknologi utover minstelovgjeving og konsesjonsvilkår. Det neste spørsmålet i del 3 vert kor langt forvaltinga kan gå i å bruke denne kompetansen, og kva vurderingsmoment som regulerer denne grensedraginga.

---

<sup>96</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 63.

<sup>97</sup> Fosse (2011) s. 39.

### **3 Kor langt kan forvaltinga gå i å pålegge miljøteknologiske krav i einskildvedtak?**

#### **3.1 Perspektiv**

Som nemnt i del 2.1.2 går terskelen for kva som er «miljømessig forsvarlig» etter akvkul. § 10 fyrste ledd ved risikoen for vesentlige negative effektar på miljøet. Dersom det føreligg eit tilstrekkeleg sannsyn for - eller ei konstatering av - vesentlig negativ miljøeffekt, vil forvaltinga kunne treffe vedtak om «forebyggende tiltak» etter andre ledd. Men sjølv om vurderinga tilsynelatande er todelt, vil spørsmålet om kor langt ein kan gå etter andre ledd, vere avhengig av vurderinga etter fyrste ledd. Kva ein kan vedta som «forebyggende tiltak» vil variere alt etter kva negativ miljøeffekt ein skal førebygge.

Ei ryddig handsaming av føresegna vil vere å slå vurderingane saman, det vil sei samle dei relevante vurderingsmomenta etter fyrste og andre ledd inn i ein argumentasjonsmodell. Då fangar ein opp samanhengen mellom dei to vurderingane. På mange måtar kan ein dra parallellar mellom akvkul. § 10 som handlingsnorm og den ulovfesta culpanorma. Begge normene utgjør ein rettsleg standard, samstundes som at begge normene legg opp til ei vurdering av forsvarlegheita av eit rettssubjekt sin handlemåte basert på ei konkret risikovurdering for skade.<sup>98</sup>

Nils Nygaard har gjennom doktoravhandlinga «Aktløysevurderinga i norsk rettspraksis» av 1974 og boka «Skade og ansvar» etablert ein argumentasjonsmodell for vurderinga av skadebot etter culpanorma. Eit stykke på veg kan argumentasjonsmodellen for vurderinga av akvkul. § 10 hente inspirasjon frå Nygaard sin modell. Likevel er det fleire skilnadar mellom dei to vurderingane. Overføringsverdien må difor vurderast konkret undervegs.

I det følgjande skal det drøftast kor langt forvaltinga kan gå i bruken av akvkul. § 10. Det skal òg synleggjerast kva rettslege parameter som regulerer denne vurderinga. Då føresegna aldri har vorte brukt til å pålegge teknologikrav, vil drøftinga naturlegvis vere noko hypotetisk.

---

<sup>98</sup> Nygaard (2007) s. 5.

## 3.2 Parameter for grensedraginga

### 3.2.1 Risikoens art og grad

Det overordna vurderingstemaet kan på bakgrunn av førearbeida formulerast som eit spørsmål om det føreligg tilstrekkeleg risiko for vesentleg negativ effekt på miljøet. Risikoen må konstaterast før ein i det heile kan vedta førebyggjande tiltak. På same måte som i skadebotretten, gjeld det eit minstekrav om tilknytning mellom skadevaldaren og risikoen for skade, før ein kan pålegge ansvar.<sup>99</sup> Tilknytning kan etablerast gjennom aktivitet, passivitet, avtale, eigarskap til ting eller gjennom lovregulering.<sup>100</sup>

Oppdrettsselskapa si tilknytning til risikoen for miljøskade er etablert ved sjølve produksjonsaktiviteten i seg sjølv, men òg gjennom den lovregulerte handleplikta i akvkul. § 10. Førearbeida seier at «[s]elv om det ikke er fastsatt spesielle regler om bestemte forhold, plikter den som driver akvakultur å sikre at driften i alle faser er miljømessig forsvarlig».<sup>101</sup> Slik er det etablert ei handleplikt for oppdrettsselskap i å unngå risiko for miljøskade.

Førearbeida utdjuar at ein under spørsmålet om det føreligg ein «akseptert påvirkning ved skadelige konsekvenser» må vurdere «[s]annsynligheten for at skade kan oppstå og størrelsen på eventuell skade».<sup>102</sup> Risikovurderinga skal skje ved å vurdere risikoens art og grad. Vurderinga skal «bero på et bredt faglig skjønn som omfatter blant annet kunnskap om arten og det lokale økosystem».<sup>103</sup>

Denne risikovurderinga har sterke likskapstrekk til Nygaard sin tanke om at tilstrekkeleg skaderisiko utgjer eit minstekrav for å pålegge ansvar etter culpanorma.<sup>104</sup> Ifølgje Nygaard kan risiko for skade best vurderast etter parameterane art, grad, og nærleik, som kumulative og overlappende vilkår. Risikoens nærleik går på kor nærliggjande utslagstidspunktet for skaden er i ei naturleg og typisk utvikling.<sup>105</sup> Art og grad utdjuar han slik:

«Risikograden går på kor sannsynleg det er at skade kan skje. Noko anna er altså kva slag skade det kan bli tale om. Då kan ein kanskje bruka uttrykket art risiko. – Jo større og

---

<sup>99</sup> Nygaard (2007) s. 182.

<sup>100</sup> Same stad s. 183 flg.

<sup>101</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>102</sup> Same stad.

<sup>103</sup> Same stad.

<sup>104</sup> Nygaard (2007) s. 188 flg.

<sup>105</sup> Nygaard (2007) s. 190.

alvorlegare skade det gjeld, jo større er risikoens skadeevne, og jo strengare er kravet til aktsemd.»<sup>106</sup>

Nygaard sin tanke i lys av førearbeida til akvkul. § 10, tilseier at ein må gjere ei konkret vurdering av miljøtilhøva på den enkelte lokaliteten og samle inn empiri for ei risikovurdering. Gjennomføringsmåten og kriteria for tilstandsundersøkingar er allereie grundig regulert i NYTEK-forskrifta kapittel 3 og NS-9415: 2009. Ved å klarlegge miljøtilstanden på den konkrete lokaliteten, får ein eit vurderingsgrunnlag for risikoens art og grad.

Risikoens art kan variere alt etter korleis ein kategoriserer den. Ein kan tale om arten av risikoen i form av *typen* forureining, det vil sei ein skiljar mellom om ein ser på botnhøve, mengde lakselus, tal over rømmingar over tid, påverknad på villfisk og krepsedyr, med meir. Arten kan òg skiljast etter alvorlegheitsklassifisering. Det vil til dømes vere meir alvorleg risiko dersom det føreligg risiko for spreining av sjukdomar enn dersom det er tale om eutrofisering som følge av fôrutslepp. Graden finn ein ved å vurdere sannsynet for miljøskade basert på frekvens.<sup>107</sup>

Har ein til dømes kunnskap om at ein konkret lokalitet har hatt fleire rømmingar eller ulovleg høge lusetal over eit visst tidsintervall, og ein samstundes vurderer sannsynet for at den same miljøskaden skal halde fram i framtida som høg, vil forvaltinga kunne reagere på risikoen, så lenge miljøskaden går utover tolegrensa av det som er forsvarleg. Dess meir alvorleg type miljøskade det er tale om, dess mindre sannsyn basert på frekvens treng forvaltinga å påvise.

Tolegrensa for kva som er miljømessig forsvarleg, kan samanliknast med korleis det gjeld eit minstekrav i skadebotretten om at risikoen må overskride skadelidne si tolegrense.<sup>108</sup> Men i staden for å tale om dagleglivets risiko, slik ein gjer i skadebotretten, vil det i vårt tilfelle vere tale om den rettsleg aksepterte miljøpåverknaden av akvakultur. Kva risiko ein skal tole er eit naturvitskapleg spørsmål. Det er likevel etablert i lovs form at den uakseptable påverknaden går ved vesentlege negative miljøeffektar.

Lokaliteten sine teknologiføresetnader, plassering og historikk vil sjølvsagt påverke risikovurderinga. Dersom ein gamal og stiv stålkonstruksjon ligg på ein eksponert og vêrutsett

---

<sup>106</sup> Nygaard (2007) s. 189.

<sup>107</sup> Nygaard (2007) s. 189.

<sup>108</sup> Same s. 191.

stad, vil det vere større oppmoding til å reagere på risikoen for at stålkonstruksjonen som gamal teknologi ikkje er forsvarleg, enn dersom den same konstruksjonen ligg innaskjers. Vidare er det større oppmoding til å reagere på høge lusetal dersom lokaliteten historisk har overskride lusegrensa fleire gongar. Risikoen må vurderast konkret ut i frå lokaliteten sine føresetnadar.

### 3.2.2 Årsakssamanheng

Akvkul. § 10 aktualiserer spørsmålet om årsakssamanheng i to relasjonar. Det fyrste er at det må føreligge årsakssamanheng mellom den gjeldande driftsmåten og risikoen for miljøskade, for at sjølve drifta skal kunne seiast å vere «miljømessig [u]forsvarlig» etter fyrste ledd. Det andre er at vilkåret om at tiltaket må vere «forebyggende» etablerer eit årsakskrav om at tiltaket må vere eit alternativt og effektivt tiltak for å stanse uforsvarleg drift. I dette underpunktet er det det fyrste kravet som er mest interessant.

I førearbeida heiter det at «driften av et akvakulturanlegg kan være i strid med kravet til å drive miljømessig forsvarlig, selv om effekten av driften ikke medfører skade på miljøet».<sup>109</sup> Det er opplagd at ein lokalitet kan drive miljømessig uforsvarleg ved å til dømes aldri kontrollere merden for skadar eller rifter på fleire år, sjølv om det aldri har skjedd ei rømming frå den skadefrie nota. Risikoen for skade kan vere vesentleg, sjølv om miljøeffekten ikkje har materialisert seg. Årsakskravet gjeld difor både ved risiko for potensiell skade og ved allereie materialisert skade.

Ulike typar miljøskade vil vere meir eller mindre etterprøvbare i høve til å avdekke årsakssamanheng mellom driftsform og miljøeffekt. Prøvar av botnhøve kan gjerast ved presise sedimentprøvar. Her kan ein kjemisk avdekke ureininga sitt innhald, ved å finne ut kor stort innhald sedimenta har av fôrrestar, avføring, medisinstoffar, koparimpregnering, med meir. Gjennom før- og ettervurderingar undersøker ein påverknaden ureininga har hatt på det biologiske mangfaldet på staden. I slike tilfelle føreligg det klår og synleg årsakssamanheng mellom drifta på lokaliteten og miljøeffekten.

I andre tilfelle vil etterprøvarheita vere vanskelegare. Rømt oppdrettsfisk kan vere vanskeleg å identifisere, då det ikkje gjeld noko krav om merking av oppdrettsfisk. I visse tilfelle vil ein

---

<sup>109</sup> Prop. 103 L (2012-2013) s. 99.

gjennom DNA- og skjellprøveanalyse kunne stadfeste kva anlegg fisken har rømt i frå.<sup>110</sup> Likevel er det særst utfordrande å konstatere skadeomfanget av ei rømming. I nokre tilfelle kan ein måle kor mykje av genmaterialet i ei villfiskstamme som har vorte ureina av oppdrettsfisk.<sup>111</sup> Arbeidet er likevel særst omfattande og resultata kan vere usikre. I slike tilfelle kan det hevdast å vere vanskelegare for forvaltinga å påvise tilstrekkeleg samanheng mellom drifta på ein konkret lokalitet og den konkrete miljøskaden. Sjølv om ein kan påvise at ein lokalitet har hatt fleire rømmingar og at noko av fisken har kryssa seg med villfisk, vil ein vanskeleg kunne dokumentere at risikoen for skade på villaksstamma er vesentleg.

### 3.2.3 Effekt og kostnad

Under punkt 3.2.2 såg ein at forvaltinga må påvise at tiltaket dei vurderer å pålegge er «forebyggende» mot «miljømessig [u]forsvarlig» drift jf. akvkul. § 10 fyrste ledd jf. andre ledd. Som tidlegare nemnt gjeld det ei handleplikt for aktøren sjølv i å drive forsvarleg og sjølv iverksetje forebyggjande tiltak. I førearbeida heiter det at det «[å] drive forebyggjande tiltak for å hindre skade på miljøet er en selvstendig plikt».<sup>112</sup> I denne avhandlinga er fokuset noko annleis, då ein spør kva forvaltinga kan *pålegge* aktøren å gjere.

Kva tiltak forvaltinga kan krevje, vil sjølvstøtt vere avhengig av eigenskapane og effekten av tiltaket. Her må forvaltinga halde seg til prinsippet om best mogleg tilgjengelege teknikkar, og som tidlegare nemnt under punkt 2.1.7 heiter det i førearbeida til naturmangfaldlova at myndigheitene skal ta omsyn til økonomiske tilhøve, samstundes som at ein skal gjere ei samla vurdering av kva som gjev dei beste samfunnsmessige resultata.<sup>113</sup> Vidare heiter det i førearbeida til akvakulturlova at vurderinga av § 10 skal inkludere omsynet til næringsutvikling og andre samfunnsomsyn.<sup>114</sup> Kravet til effekten av tiltaket har soleis sterk samanheng med kostnadsaspektet.

Igjen kan ein dra vekslar på Nygaard sin argumentasjonsmodell. Eit vilkår for å pålegge skuld er at det fantes ein effektiv og tilgjengeleg alternativ handlemåte. Dette fordi skadevaldaren aldri ville hatt tilstrekkeleg oppmoding til å reagere på risikoen for skade dersom det ikkje fantes andre alternative handlemåtar. Nygaard skriv at:

---

<sup>110</sup> Nina, *Skjellprøver fra laks og sjøørret*, nina.no.

<sup>111</sup> Same.

<sup>112</sup> Prop. 103 L (2012-2013) s. 99.

<sup>113</sup> Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) s. 383-384.

<sup>114</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

«Det er eit minstekrav for skyldansvar at den påstått aktlause kunne ha gjennomført ei alternativ handling som ville hindra skaden eller hindra hans årsaksbidrag til den. Det må altså både påvisast kva som skulle vore gjort, og godtgjerast at den aktuelle handlemåten ville vore effektiv og praktisk gjennomførleg.»<sup>115</sup>

Sjølv om den direkte overføringsverdien ikkje er stor, kan grunntanken i kravet om alternative handlemåtar overførast til vårt tilfelle. Dersom ein skal kunne pålegge byrder for å hindre risikoen for miljøskade, må alternativet vere effektivt og praktisk gjennomførleg.

I tilfelle der det teknologiske alternativet ikkje har ein dokumentert effekt, eller den tekniske innretninga er i prøvingsfasa, vil det fort verte miljømessig uforsvarleg å ta ho i bruk. Ein kan til dømes tenkje seg at forvaltinga pålegg nokon å ta i bruk eit lukka merdsystem, utan å vite om merden toler belastninga av uvêr. Her vil risikoen i lys av kostnadane ved lukka merdsystem gjere det uforsvarleg. Eit anna poeng er at det nye alternativet må vere kvalifisert betre enn den gjeldande teknologien, men dette vert meir rasjonelt å handsame under proporsjonalitetsvurderinga jf. seinare punkt 3.2.5

Eit sjøbasert lukka merdsystem vil som sagt verte for risikofylt i lys av kostnadane til å vere eit førebyggjande tiltak innafor heimelen i akvkul. § 10. Eit anna tilfelle som klårt hamnar utanfor heimelen, er pålagd overgang frå sjøbasert til landbasert drift utan offentleg dekking av kostnadar. Overgang frå sjøbasert til landbasert drift ville krevd nye eigedomstilhøve og særskild omfattande driftsomleggingar- og kostnadar.<sup>116</sup> Frå eit miljøperspektiv kan det spørjast om energibruken er forsvarleg. Det kan òg stillast spørsmål ved om ei slik omlegging kunne ramme «akvakulturnæringens ... konkurransekraft» etter akvkul. § 1, som følgje av at norsk kystlinje og kystproduksjon gjev ein konkurransefordel i høve til andre nasjonar på marknaden.

Dei ovanfornemnte overgangane frå ei produksjonsform til ei anna, utgjer likevel ytterpunktene. Det kan mykje lettare tenkjast at tiltak som til dømes lakseluslaserar, luseskjørt, snorkelordningar ville hamne innafor. Denne teknologien er ikkje like kostbar haldt opp mot kostnadane ved tradisjonelle avlusingsteknikkar. Ved lakseluslaserar er det dokumentert at

---

<sup>115</sup> Nygaard (2007) s. 193.

<sup>116</sup> Myrset (2015), *Dette må du vite om oppdrettsanlegg på land*, sysla.no

effekten er tilnærma lik den tradisjonelle, meir kostbare og ureinande medikamentelle handsaminga.<sup>117</sup>

Kostnad og risiko ved den nye teknologien må haldast opp mot kostnad og risiko ved den brukte teknologien. Fyrst då kan ein avgjere kva driftsmetodar og teknikk som gjev dei beste samfunnsmessige resultatata jf. nml. § 12, i lys av den aukande kunnskapen forvaltinga får om den teknologiske utviklinga.<sup>118</sup>

#### 3.2.4 Tidsaspektet

Eit anna spørsmål er kor langt akvkul. § 10 rekk i tid, meir presist; i kva grad tidspunktet for einskildvedtaket påverkar grensene for heimelen for pålegget.

Behovet for førehandsvisse vil vere størst i byrjinga av drifta, då oppstartstidspunktet er kritisk for finansiering av verksemda. Akvakulturløyve for matfisk har ein enorm økonomisk verdi, og løyvet er gjenstand for ei rekke disposisjonar og transaksjonar jf. akvkul. § 19 og 20. Det er utbreidd bransjepraksis å finansiere verksemda gjennom pantsetjing av løyvet, i tillegg til øvrig drifts- og varelagerpant. Frå eit finansieringsperspektiv er førehandsvisse og visse om kostnad og utgifter essensielt for å få kreditt. Spørsmålet vert difor om akvkul. § 10 heimlar pålegging av nye teknologikrav kva tid som helst, eller om innrettingsomsynet og omsynet til førehandsvisse avgrensar bruk av akvkul. § 10 i etablerings- og byrjingsfasa.

I følgje førearbeida skal akvkul. § 10 sikre at «alle aktiviteter som har betydning for miljø skal foregå på en forsvarlig måte i alle faser av produksjonen».<sup>119</sup> Slik er akvkul. § 10 meint som ein tryggleiksventil for å fange opp tilfella der andre føresegner i akvakulturlovgjevinga ikkje strekk til, medrekna § 12 med forskrift og standard. Dette samsvarar med ordlyden i § 10, der det heiter at akvakultur skal «etableres, drives og avvikles» på ein «miljømessig forsvarlig» måte.

Men sjølv om det skulle vere formell heimel for å pålegge ny tilgjengeleg teknologi, vil nok terskelen vere særst høg for å bruke § 10 på høvesvis nyetablerte lokalitetar. Her vil det sannsynlegvis vere vanskelegare å forsvare kostnadar og utskifting, då nyetablerte lokalitetar ofte har ein høgare miljøteknologisk standard.

---

<sup>117</sup> ilaks-redaksjonen (2015), *Gode resultater med luselaser*, ilaks.no

<sup>118</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.

<sup>119</sup> Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 65.



Etter dette kan det konkluderast med at forvaltinga kan bruke akvkul. § 10 til å pålegge nye teknologikrav på alle tidspunkt av akvakulturverksemda. Likevel vil dette vere vanskelegare dess nyare lokaliteten er. Vedtakstidspunktet vil soleis inngå som moment i proporsjonalitetsvurderinga av vedtaket.

### 3.2.5 Proporsjonalitet

I kva grad det gjeld eit generelt proporsjonalitetsprinsipp i norsk forvaltingsrett er gjenstand for langvarig debatt.<sup>120</sup> Debatten har gått ut på om det gjeld eit generelt proporsjonalitetskrav som grunnlag for ugyldigheit. I Rt. 2008 s. 560 (Innreiseforbod) vart det konstatert at det ikkje gjeld noko generelt proporsjonalitetsprinsipp som ugyldigheitsgrunnlag etter myndigheitsmisbrukslæra.

Proporsjonalitetskrav som *ugyldigheitsgrunnlag* for eit vedtak sitt materielle innhald fell utanfor vår problemstilling. I vår kontekst vil proporsjonalitetskravet heller knyte seg til spørsmålet om forvaltinga har ei prosessuell plikt til å vurdere proporsjonaliteten av vedtaket ved utforminga av vedtaket. Ein spør altså ikkje om ein i ettertid kan etterprøve om forvaltinga gjekk for langt, men i kva grad forvaltinga sjølv har ei plikt til å vurdere proporsjonaliteten av vedtaket ved utforminga.

Ein kan langt på veg seie at ei slik plikt ligg allereie i samanhengen mellom ordlyden av «miljømessig uforsvarlig» og «forebyggende» etter § 10 fyrste og andre ledd. Eckhoff/Smith presiserer med vidare tilvising til rettspraksis at forvaltinga har ei isolert plikt til å «*vurdere* om de vedtak som den vil treffe, er forholdsmessige», uavhengig av om «utenforstående anser seg berettiget til å overprøve forholdsmessighetsvurderingen i den enkelte sak».<sup>121</sup> Sjølv om det rådar usemje om ein kan oppføre proporsjonalitetskravet som eit materielt krav, er det i følge forfattaren lite tvilsamt at proporsjonalitetsvurderinga inngår som eit prosessuelt krav.<sup>122</sup> Eckhoff/Smith presiserer at:

«Når rettsreglene om forvaltningens kompetanse stiller visse krav til forholdsmessighet, kan det gi grunnlag for å prøve om det foreligger mangler ved vedtakets tilblivelse: Forvaltningen

---

<sup>120</sup> Sjøvig (2015) s. 13 flg.

<sup>121</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 425.

<sup>122</sup> Same s. 426.

må i det minste vurdere forholdsmessigheten før vedtaket blir truffet. Dersom vedtaket for øvrig byr på tvil, må begrunnelsen vise at de relevante hensyn har vært vurdert og avveid.»<sup>123</sup>

Akvkul. § 10 andre ledd er ei «kan»-føresegn. Dette er tradisjonelt formulert som eit hensiktsmessighetsskjøn. Men sjølv om det er opp til forvaltinga å avgjere korleis ein best kan realisere akvkul. § 10 sitt føremål, må dei likevel vurdere proporsjonaliteten av tiltaket. Denne proporsjonaliteten vil ikkje domstolen overprøve, med mindre vedtaksløysinga fell inn under det sterkt urimelege etter den ulovfesta myndigheitsmisbrukslæra. Som Eckhoff/Smith presiserer, er det lagt opp til ei konstitusjonell arbeidsfordeling i norsk rett, der domstolane syt for å drive legalitetskontroll, men ikkje politikk. Noko anna ville fort stride med omsynet til effektivitet.<sup>124</sup>

Spørsmålet om kva som er den riktige løysinga på miljøteknologispørsmålet er i stor grad eit fagleg og politisk spørsmål som det er opp til forvaltinga sjølv å vurdere. Proporsjonalitetsvurderinga må difor inngå i vurderinga av kva miljøteknologisk tiltak forvaltinga burde pålegge som «forebyggende tiltak» etter akvkul. § 10 andre ledd. På mange måtar kan ein karakterisere heile rettsbruken av § 10 andre ledd som ei stor proporsjonalitetsvurdering. I denne vurderinga vil forvaltinga måtte gjere ei heilskapleg vurdering av det konkrete tilfellet, basert på dei vurderingsmomenta og parameterane som er skissert ovanfor i del 3.2.1 til 3.2.4. Men proporsjonaliteten av sjølve tiltaket i høve til realiseringa av føremålet om «miljømessig forsvarlig» drift, må òg vurderast sjølvstendig.

---

<sup>123</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 426.

<sup>124</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 544-545.

## 4 Burde forvaltinga pålegge teknologikrav gjennom einskildvedtak?

### 4.1 Oversyn

Til no har ein i del 2 av avhandlinga etablert at akvkul. § 10 heimlar pålegging av miljøteknologiske krav, i tillegg til at ein i del 3 har synleggjort dei relevante vurderingsmomenta og skissert ulike grensetilfelle for kva tid heimelen kan tenkjast brukt. Som nemnt innleiingsvis finst det likevel ingen forvaltingspraksis der ein brukar føresegna til det skisserte bruksområdet, sjølv om forvaltinga har ei grunnlovsfesta positiv handleplikt til å ivareta miljølovgevinga jf. GrL. § 112 tredje ledd.

Sjølv om det formelt føreligg heimel for å bruke akvkul. § 10, er det ikkje dermed sagt at den burde takast i bruk i praksis. Debatten om løysinga på miljøutfordringane er ikkje over, og det rådar stor usemje om kva tiltak som vil vere den riktige løysinga. Då spørsmålet framleis er uavklart politisk, ser ein allereie *her* utfordringa med å løyse problemet i forvaltinga. På mange måtar vil ei slik løysing medføre at den utøvande makta vil styre skuta utan kurs. Eit prinsipielt normativt spørsmål er difor om løysinga på utfordringa burde ligge hjå forvaltarane av akvkul. § 10 i form av einskildvedtak.

I denne avsluttande delen av avhandlinga skal det peikast på ulike motargument mot å bruke føresegna til å pålegge miljøteknologiske krav, samstundes som det skal takast stilling til kva rettsleg løysing ein kan tenkje seg de lege ferenda.

### 4.2 Innvendingar

#### 4.2.1 Vilkårleg forskjellshandsaming

I norsk rett gjeld det eit ulovfesta forbod mot usakleg eller vilkårleg forskjellshandsaming frå forvaltinga. Forvaltinga kan ikkje treffe to eller fleire vedtak med ulikt resultat i kvalifisert identiske tilfelle, utan å påvise ei sakleg grunngjeving for den ulike handsaminga.<sup>125</sup> Det klassiske dømet er at aktøren A får avslag, medan ein annan aktør B, med identiske eller dårlegare merittar, får godkjenning utan sakleg grunngjeving.

---

<sup>125</sup> Sjå Eckhoff/Smith (2010) s. 422 flg.

Dersom miljøteknologiske krav skulle vorte pålagd med heimel i akvkul. § 10, ville det vore ei grunnleggjande utfordring å koordinere vedtaka, og difor vanskeleg å sikre ei konsistent handheving. Sjølv om § 10 andre ledd, legg opp til ei konkret vurdering av den enkelte lokalitet, ser ein ofte at dei same typane miljøskade går igjen på ulike lokalitetar. Ulovlege mengder lus eller utslepp, vil ofte vere identiske tilfelle, fordelt på ulike lokalitetar over heile landet. I slike tilfelle vil ein raskt hamne i ein situasjon der oppdrettstaktør A vert pålagd ein sanksjon, medan aktør B vert pålagd å ta i bruk ny teknologi, i to tilnærma identiske tilfelle. Eit praktisk scenario vil kunne vere at aktør A får tvangsslaktingsvedtak etter Forskrift om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg (luseforskrifta) § 8, medan aktør B vert pålagd å skaffe seg av luseskjørt eller luse laser.

I det skisserte scenarioet ville A lide eit økonomisk tap som følgje av utslaktinga, medan B ville verte pålagd ei tvungen investering som kan hindre framtidige tap. Den eine eller andre løysinga kjem an på skjønet til den enkelte sakshandsamar eller det enkelte fiskerikontor. Koordineringsutfordringa gjer det mindre sannsynleg at forvaltinga vil kunne sakleg grunngi den eventuelt avvikande praksisen. Då fara for vilkårleg forskjellshandsaming er stor, vil akvkul. § 10 vere mindre egna for regulering av miljøteknologiske krav.

#### 4.2.2 **Sterk urimelegheit**

Som det går fram av drøftinga i del 3, vil spørsmålet om kor langt heimelen i akvkul. § 10 strekk til, vere avhengig av ei rekke ulike vurderingsmoment. Vurderingsmomenta inngår som parameter i ei meir heilskapleg proporsjonalitetsvurdering.

Sjølv om det rådar usemje om det gjeld eit generelt materielt proporsjonalitetsprinsipp i norsk forvaltingsrett, er det likevel sikker ulovfesta rett at det eksisterer heimel for å kjenne sterkt urimelege vedtak ugyldige. I denne vurderinga skal ein vurdere om resultatet av vedtaket er urimeleg. Denne vurderinga kan omskrivast til ei norm om proporsjonalitet. Det er nettopp i det uproporsjonale urimelegheita ligg.<sup>126</sup> Terskelen for å konstatere uproporsjonalitet er derimot høg etter dette rettsgrunnlaget.<sup>127</sup>

I Rt. 1973 s. 460 (Fjørkre-dommen) hadde forvaltinga gripe inn mot forureiningsfara frå ein fuglefarm, då drifta skapa fare for folk si helse. Bonden måtte avvikle drifta og fjerne dyra

---

<sup>126</sup> Eckhoff/Smith (2010) s. 425.

<sup>127</sup> Sjø Eckhoff/Smith (2010) s. 421 med vidare tilvising til ei rekke dommar.

innan to veker. Den korte fristen medførte at store delar av dyra måtte slaktast, og påførte bonden tap. Retten kjende vedtaket ugyldig, og vektlagde at vedtaket var for drastisk og gjekk lenger enn naudsynt. Her skulle forvaltinga vurdert alternative og mindre inngripande tiltak.

I rettspraksis er det som tidlegare nemnt lagt til grunn at det skal «svært mye til» før sterk urimelegheit skal medføre ugyldigheit jf. til dømes Rt. 1997 s. 1784 på s. 1795. Mykje av årsaka til den høge terskelen, er at ein ved sensur av vedtaket sitt resultat vil krysse grensene mellom dømmande og utøvande makt.

Men sjølv om terskelen er høg, utelukkar ikkje det at akvkul. § 10 i seg sjølv kan overskride terskelen i praksis. Som følgje av at mykje av den alternative teknologien framleis berre er i eksperimenteringsfasa, vil risikoen ved å ta den i bruk, samt kostnaden av anskaffinga, raskt gjere ei rekke tenkelege «forebyggende tiltak» uproportjonale. I mange tilfelle kan det til og med tenkjast at uproportjonaliteten går over grensa for det lovlege.

Dersom akvkul. § 10 skulle praktiserast som påleggsheimel for teknologikrav, kan det tenkjast at fleire typar vedtak raskt ville verte for drastiske eller gå lengre enn det som er naudsynt. Eit pålegg om å konvertere til lukka merdssystem vil raskt vere særskild urimeleg å pålegge i form av enkeltvedtak. For det fyrste vil det koste svært mykje for oppdrettaren. For det andre er risikoen ved teknologien ukjend, og det er vidare uavklart kor stor miljøgevinsten er i høve til tradisjonelle merdssystem, når ein ser hen til energibehov og forureining frå transport av avfall. Eit eventuelt pålegg om å flytte drifta på land vil raskt medføre openbar urimelegheit grunna vanskar med eigedomstilhøve og høge kostnader.

Mindre inngripande tiltak som lakseluslasarar eller luseskjørt vil ikkje overskride grensa like lett. Her kjem likevel problematikken med forskjellshandsaming inn frå sidelinja. Vedtaket vert raskare urimeleg dersom det føreligg usakleg forskjellshandsaming som supplerande ugyldigheitsgrunnlag, og som tidlegare nemnt er fara for dette stor.

Etter dette vil fara for sterkt urimelege resultat tale mot å bruke akvkul. § 10 for regulering av miljøteknologiske krav.

#### 4.2.3 **Manglande fagleg kompetanse**

Då føresegna legg opp til eit fagleg skjøn basert på kunnskap om art og det lokale økosystemet, vil det kunne vere ei grunnleggjande utfordring om dette let seg gjennomføre av dei tilsette i Fiskeridirektoratet. I praksis vil nok miljøundersøkingar verte gjort av eksterne biologar. Det er likevel forvaltinga som til sjuande og sist skal ta stilling til den andre sida av avgjerda, nemleg kva teknologi som best kan reparere risikoen for vesentleg miljøskade.

Kunnskapen om dei teknologiske innretningane sin effekt og påverknad krev inngåande vitenskaplege kunnskapar. Det kan difor hevdast at sakshandsamarar i Fiskeridirektoratet og dei ulike fiskerikontora ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å gjere ei rettstryggande forsvarleg vurdering av teknologien sin «forebyggende» effekt etter akvkul. § 10 andre ledd.

#### 4.2.4 **Manglande demokratisk legitimitet**

I forlenginga av problemstillinga om manglande fagleg kompetanse, kjem spørsmålet om einskildvedtak som reguleringsform har tilstrekkeleg demokratisk legitimitet til å regulere tiltak av den potensielle inngrepsgraden.<sup>128</sup> Sjølv om einskildvedtaket har heimel i lov, kan det hevdast at den demokratiske legitimiteten frå lovgjevar er «utvatna» etterkvart som kompetansetildelinga har vorte delegert nedover.<sup>129</sup> I vårt tilfelle er det langt frå Stortinget til den enkelte sakshandsamar under Fiskeridirektoratet. Det er soleis problematisk frå eit rettstryggleiksperspektiv at den enkelte sakshandsamar skal kunne fatte eit vedtak som potensielt kan vere sær inngripande.

Bruken av einskildvedtak etter akvkul. § 10 vil kunne svekke oppdrettsnæringa si førehandsvisse som konstitusjonelt sikra demokratisk verdi, då reguleringa allereie er detaljregulert i forskrift og standard. Difor kan ein hevde at den demokratiske legitimiteten ikkje er tilstrekkeleg til å reparere den svekka førehandsvissa bruken av føresegna medfører. Mykje av den manglande demokratiske legitimiteten kunne likevel tenkjast reparert ved ei anna reguleringsform enn einskildvedtak. Dette vert tema i neste del 4.3.

---

<sup>128</sup> Tande (2011) med vidare tilvisingar, særleg del 4 og 6.

<sup>129</sup> Liknande sjå Eckhoff/Smith (2010) s. 51 og 52.

### 4.3 Akvakulturlova § 10 som heimel likevel?

Det følgjer av akvkul. § 10 andre ledd at departementet kan gi føresegner for å sikre miljømessig forsvarleg akvakultur i «enkeltvedtak eller forskrift». Forvaltinga er soleis tildelt kompetanse frå lovgjevar til å regulere «krav til forebyggende tiltak» i forskriftsform jf. andre ledd.

Dei utfordringar og innvendingar som har vorte peikt på i denne avhandlinga, har stort sett relatert seg til manglane ved å regulere krava i form av einskildvedtak. Det er fyrst ved einskildvedtak problematikken med usakleg forskjellshandsaming, kompetanseutfordringar og manglande førehandsvisse oppstår. Eit solid motargument mot å bruke akvkul. § 10 til det skisserte bruksområdet, var som ein såg i del 2.2 at utstyrskrav allereie var presisert i NYTEK-forskrifta, og at forskrifta skapa ein bransjestandard som gav auka førehandsvisse. Det same argumentet kan brukast til støtte for at eventuelle miljøteknologiske krav burde skje gjennom ei forskrift gjeve med heimel i akvkul. § 10.

Ved å regulere krava i form av forskrift, vil ein sikre ei rettferdig gjennomregulering av næringa. Eit forslag er å ta inn visse vurderingsmoment og sjekkpunkt, der forvaltinga får fridom til å vurdere konkrete lokalitetstilhøve opp mot forskriftsreglane. Når det gjeld den sjølvstendige plikta til oppdrettarane, kan ein innføre krav om at ein ved ulike typar miljømessig uforsvarleg drift vert pålagd å skifte over til ulike typar alternative driftsmåtar for å stanse den ulovlege bruken.

Det fell utanfor denne avhandlinga å gå nærare inn i konkrete lovgjevingstekniske formuleringsføreslag. Det viktige er å understreke korleis akvkul. § 10 etter ordlyden og førearbeida synast å gi relativt frie tøyalar for ei eventuell forskriftsregulering. Det innleiande spørsmålet frå fiskeriminister Aspaker om kva som er forsvarleg ut i frå miljømessig bærekraft, og korleis ein eventuelt skal kome seg dit, står framleis usvara. Denne avhandlinga viser derimot ei prosedabel moglegheit for at heimelen for ei miljøteknologisk endring allereie eksisterer. Spørsmålet er vel om ein tek den i bruk.

# Litteraturliste

## Bøker

- Backer, Inge Lorange, *Innføring i naturressurs- og miljørett*, 4. utgåve (Oslo 2002)
- Bernt, Jan Fridthjof og Ørnulf Rasmussen, *Frihagens forvaltningsrett bind I*, 1. utgåve (Bergen 2003)
- Bugge, Hans Christian, *Forurensningsansvaret*, 1. utgåve (Oslo 1999).
- Bugge, Hans Christian, *Lærebok i miljøforvaltningsrett*, 2. utgåve (Oslo 2009)
- Eckhoff, Torstein, *Rettskildelære*, 4. utgåve (Oslo 1997)
- Eckhoff, Torstein og Eivind Smith *Forvaltningsrett*, 9. utgåve (Oslo 2010)
- Nygaard, Nils, *Aktløysevurderinga i norsk rettspraksis : Dr.avh*, (Bergen 1974)
- Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve (Bergen 2004)
- Nygaard, Nils, *Skade og ansvar*, 6. utgåve (Bergen 2007)
- Søvig, Karl Harald (red.) med fleire, *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten*, 1. utgåve (Bergen 2015)

## Artiklar

- Backer, Inge Lorange, «Domstolene og miljøet», *Lov og Rett*, 1993 s. 351-468.
- Backer, Inge Lorange, «Grunnlovfesting av miljørettslige prinsipper», *Institutt for offentlig rettskriftserie*, nr. 6/1990 s. 1-43
- Bugge, Hans Christian, «Miljørett som disiplin», *Festskrift til Carl August Fleischer, dog Fred er ej det bedste...* 2006 s. 77-95
- Fauchald, Ole Kristian, «Forfatning og miljøvern – en analyse av grunnlovens § 110 b», *Tidskrift for rettsvitenskap*, 2007 s. 1-83.



Fosse, Malin, «Miljøhensyn ved lokalitetsklarering for akvakulturanlegg», *Institutt for offentlig retts skriftserie*, nr. 4 2011

Innjord, Frode, «Hva er «vakkert»? - Domstolskontroll med forvaltningsvedtak når forvaltningens kompetanse er angitt ved vage og/eller skjønnspregede ord og uttrykk.», *Jussens Venner*, 1996 s. 161-194.

Jerkø, Markus, «Det norske formålet «Bærekraftig utvikling», *Tidsskrift for rettsvitenskap*, 2009 s. 354-387

Lund, Hanne Gard, «Miljøkrav ved tildeling av oppdrettslokalitet», *Havforskningsrapporten*, 2010 s. 76-78.

Myklebust, Ingunn Elise, «Vilkår ved vedtak om lokalitetsklarering for akvakultur», *Tidsskrift for Eiendomsrett*, nr. 2 2013, s. 100-126.

Tande, Knut Martin, «Individuelle valg og vurderinger i rettsanvendelsesprosessen», *Jussens Venner*, vol. 46 2011, s. 1-36

## **Norske lovar**

1814 Kongeriket Noregs Grunnlov (Grunnlova, GrL.) 17. mai 1814

1981 Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova, forurl.) 13. mars 1981 Nr. 6

2005 Lov om akvakultur (akvakulturlova, akvkul.) 17. juni 2005 Nr. 79

2009 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova, nml.) 19. juni 2009 Nr. 100

2013 Lov om endringer i akvakulturloven, 21. juni 2013 Nr. 74

## **Forskrifter**

2004 Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) 1. juni 2004 nr. 931

- 2010 Forskrift om samordning og tidsfrister i behandlingen av akvakultursøknader 18. mai 2010 nr. 708
- 2011 Forskrift om krav til teknisk standard for flytende akvakulturanlegg (NYTEK-forskrifta) 16. august 2011 nr. 849
- 2012 Forskrift om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg (luseforskrifta) 5. desember 2012 nr. 1140

### **Norsk standard**

- 2009 Norsk Standard 9415: 2009, «Flytende oppdrettsanlegg – Krav til lokalitetsundersøkelse, risikoanalyse, utforming, dimensjonering, utførelse, montering og drift.»

### **Andre offentlege dokument**

- 2015 «Myndighetsoversikt etter akvakulturloven og forskrifter hjemlet i denne», publisert 22.1.2015, tilgjengelig nedst på <http://www.fiskeridir.no/akvakultur/regelverk>  
[Sist kontrollert 26.5.2015]

### **Førearbeid**

- Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven)
- Ot.prp. nr. 52 (2008-2009) Om lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Prop.103 L (2012-2013) Endringer i akvakulturloven

### **Rettspraksis**

- Rt. 1993 s. 528 Lunner Pukkverk
- Rt. 1995 s. 530 Fjordlaks
- Rt. 1997 s. 1784 Busetjingstillating

Rt. 2005 s. 117	Tollbåt
Rt. 2006 s. 257	Trallfa
Rt. 2008 s. 560	Innreiseforbod

## EU-direktiv

Direktiv 2008/1/EF Directive 2008/1/EC of the European Parliament and of the Council of 15 January 2008 concerning integrated pollution prevention and control

## Internett

- Aadland, Camilla *Lunkent vann dreper lakselus*, publisert 23.4.2014  
<http://www.sysla.no/2014/04/23/havbruk/lunkent-vann-dreper-lakselus/> [Sitert 26.1.2015]
- Aadland, Camilla *Resultatene fra denne merden overrasker selv gründeren*, publisert 12.5.2014  
<http://www.sysla.no/2014/05/12/havbruk/resultatene-fra-denne-merden-overrasker-selv-grunderen/> [Sitert 26.1.2015]
- Aadland, Camilla *Denne snorkelen skal gjøre laksen lusefri*, publisert 28.5.2014  
<http://www.sysla.no/2014/05/28/havbruk/denne-snorkelen-skal-gjore-laksen-lusefri/> [Sitert 9.3.2015]
- Aspaker, Elisabeth *Grønnere vekst for laksen*, publisert 20.3.2015  
<http://www.nrk.no/ytring/gronnere-vekst-for-laksen-1.12268699> [Sitert 25.5.2015]
- Aspaker, Elisabeth *Fremtidens sjømatnæring*, publisert 20.1.2015  
<https://www.regjeringen.no/nb/aktuelt/fremtidens-sjomatnaring/id2362194/> [Sitert 20.1.2015]

- Aulie, Cathrine                      Note (55) til Naturmangfoldlova, Gyldendal Rettsdata,  
<http://rettsdata.no/direkte?grlink=gL20090619z2D100z2EzA712>  
[Sist revidert 7.8.2014]
- Berge, Aslak                              *Satser på ny oppdrettstank*, publisert 29.1.2015  
<http://www.ilaks.no/satser-pa-ny-oppdrettstank/>  
[Sisert 30.1.2015]
- Berge, Aslak                              *Se «Thermolicer» i drift*, publisert 17.12.2014  
<http://www.ilaks.no/se-thermolicer-i-drift/>  
[Sisert 9.3.2015].
- Berglihn, Harald                      *Pøste legemidler i merdene*, publisert 5.3.2014  
<http://www.dn.no/nyheter/2014/03/05/Havbruk/pste-legemidler-i-merdene> [Sisert 9.3.2015]
- Fiskeridirektoratet                      *145 000 fisk har rømt i Hordaland*, publisert 30.01.2015  
<http://www.fiskeridir.no/akvakultur/roemming/145-000-fisk-har-roemt-i-hordaland> [Sisert 10.2.2015]
- Fosse, Dag-Henrik                      *Halvparten av rekene døde*, publisert 23.9.2014  
<http://www.sysla.no/2014/09/23/havbruk/halvparten-dode/>  
[Sisert 9.3.2015]
- Hanssen, Torkil Marsdal                      *Lovende resultater med rognkjeks*, publisert 1.8.2012  
<http://forskning.no/fisk-havforskning-oppdrett/2012/06/lovende-resultater-med-rognkjeks> [Sisert 9.3.2015]
- iLaks-redaksjonen                      *Aspaker på krisemøte i Bergen*, publisert 27.1.2015  
<http://www.ilaks.no/aspaker-pa-krisemote-i-bergen/>,  
[Sisert 27.1.2015]
- iLaks-redaksjonen                      *Gode resultat med luselaser*, publisert 8.4.2015  
<http://www.ilaks.no/gode-resultat-med-luselaser/>  
[Sisert 9.4.2015]

- Kvamme, Lars *Fortviler over rømt fisk*, publisert 14.1.2015  
<http://www.bt.no/nyheter/okonomi/Fortviler-over-romt-fisk-3280539.html>, [Sisert 23.1.2015]
- Lågbu, Øivind *Fredrikstad kan bli en pioner i ny fiskerinæring*, publisert 16.1.2015, [http://www.f-b.no/Fredrikstad kan bli en pioner i ny fiskerin ring-5-59-40299.html](http://www.f-b.no/Fredrikstad-kan-bli-en-pioner-i-ny-fiskerin-ring-5-59-40299.html), [Sisert 26.1.2015]
- Miljødirektoratet *Fiskeoppdrett*, publisert 29.10.2012  
<http://www.miljostatus.no/Tema/Hav-og-kyst/Fiskeoppdrett/>  
[Sisert 21.1.2015]
- Myrset, Ola *Vil selge luselasere for 100 millioner neste år*, publisert 23.1.2015  
<http://www.sysla.no/2015/01/23/havbruk/vil-selge-luselasere-for-100-millioner-neste-ar/> [Sisert 26.1.2015]
- Myrset, Ola *Dette må du vite om oppdrettsanlegg på land*, publisert 12.2.2015  
<http://www.sysla.no/2015/02/12/havbruk/dette-ma-du-vite-om-oppdrettsanlegg-pa-land/> [Sisert 13.5.2015].
- Myrset, Ola *Her skyter de lakselus med laser*, publisert 29.9.2014  
<http://www.sysla.no/2014/09/26/havbruk/her-skyter-de-lakselus-med-laser/> [Sisert 9.3.2015]
- NINA *Skjellprøver fra laks og sjøørret*, ukjent publiseringsdato  
<http://www.nina.no/lakseskjell> [Sisert 8.4.2015]
- Olderkjær, Ove *Laksenæringa kler seg i skjørt*, publisert 21.3.2014  
<http://www.sysla.no/2014/03/21/havbruk/laksenaeringa-kler-seg-i-skjort/> [Sisert 9.3.2015]
- Statistisk sentralbyrå *Akvakultur, 2013, endelige tal*, publisert 30.10.2014  
<http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og>

<fiskeri/statistikker/fiskeoppdrett/aar/2014-10-30#content>

[Sisert 21.1.2015]

Sunnset, Beate Hoddevik

*Mindre lus når laksen står tett*, publisert 20.2.2015

[http://www.imr.no/nyhetsarkiv/2015/februar/mindre\\_lus\\_nar\\_laksen\\_star\\_tett/nn-no](http://www.imr.no/nyhetsarkiv/2015/februar/mindre_lus_nar_laksen_star_tett/nn-no) [Sisert 9.3.2015]

